



Innsette i norske fengsel:

Kompetanse gjennom utdanning og arbeid

Ole-Johan Eikeland
Eikeland forsking og undervising

Terje Manger
Arve E. Asbjørnsen
Forskningsgruppa for kognisjon og læring
Universitetet i Bergen

Fylkesmannen i Hordaland

Kopiering er ikke tillatt uten avtale med den som har opphavsretten

ISBN 978-82-92828-16-8

Formgjeving omslag: Herrene Grimstad & Skogen AS, herrene.com

Trykk og layout: Netprint

Innsette i norske fengsel:

Kompetanse gjennom utdanning og arbeid

Ole-Johan Eikeland

Eikeland forsking og undervising

Terje Manger

Arve E. Asbjørnsen

Forskningsgruppa for kognisjon og læring

Universitetet i Bergen

Føreord

Rapporten som no ligg føre, *Innsette i norske fengsel: Kompetanse gjennom utdanning og arbeid*, er ei kartlegging av innsette sin kompetanse gjennom utdanning og yrkesbakgrunn, utdanningsaktiviteten i fengsla og lærevanskar. Rapporten omfattar innsette over 18 år i alle norske fengsel. Det er ei oppfølging av to landsomfattande undersøkingar i 2004 og 2006.

Undersøkinga er gjennomført av fagsjef Ole-Johan Eikeland, Eikeland forsking og undervising, og professorane Terje Manger og Arve Asbjørnsen, Forskingsgruppa for kognisjon og læring, Universitetet i Bergen, etter oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland. Denne rapporten er ei oppfølging av St.meld.nr.27 (2004-2005) *Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen "Enda en vår"*.

Rapporten får fram mange interessante funn om utdanningsbakgrunn, utdanningsønske, lærevanskar, arbeidsbakgrunn og kor mange som har rett til opplæring. Dette er viktig kunnskap for skolar og kriminalomsorg å ta med seg i vidare drøfting omkring tilrettelegging av opplæringstilboda. Undersøkinga viser mellom anna at ti prosent av dei innsette ikkje har fullført grunnskole, medan 15,3 prosent har fag eller grad på universitets- eller høgskolenivå.

Det mest urovekkjande funnet er at dess yngre dei innsette er, dess meir sannsynleg er det at dei ikkje har vidaregåande opplæring eller høgare utdanning. Heile **86,6** prosent av innsette under 25 år har ikkje fullført vidaregåande opplæring. Kartlegginga viser vidare at innsette har klart svakare ikt-kompetanse enn elevar på tiande steg i grunnskolen. Om lag fire av ti innsette over 24 år har rett til vidaregåande opplæring om dei søker om det. Litt over halvparten av innsette tar ikkje utdanning i fengslet, medan 71,4 prosent av innsette har utdanningsønske i fengsel.

Funna frå rapporten må føre til ein grundig gjennomgang av om innsette sine rettar til opplæring blir godt nok ivaretatt, og ei gjennomgåande drøfting av kva omfang og kva opplæringstilbod som er mest tenlege i høve til dei behova innsette har for opplæring.

Fylkesmannen i Hordaland oppmodar utdanningsstyresmaktene, kriminalomsorga, dei ulike etatane og andre interesserte til å drøfte resultata og vurderingane som er presenterte i denne rapporten.

Fylkesmannen i Hordaland rettar takk til skolar og fengsel som administrerte undersøkinga og til alle innsette som svara på spørjeskjemaet. Vidare rettar Fylkesmannen i Hordaland takk til Ole-Johan Eikeland, Terje Manger og Arve Asbjørnsen for godt utført arbeid.

Bergen, januar 2010



Kjellbjørg Lunde
utdanningsdirektør

Innhald

Føreord frå forfattarane	9
Summary.....	11
Hovudfunn.....	13
I. Innleiing	15
Undersøkingane i 2004 og 2006.....	15
Utdannings- og arbeidsrøynsle	16
Utdanningsønske	17
Utdanningsaktivitet i fengsel.....	18
Elevane si vurdering av opplæringa	18
Sjølvvurdering av kompetanse	19
Lese- og skrivekompetanse	19
Matematikkkompetanse	19
Ikt-kompetanse	20
Lærevanskar	21
Lese- og skrevevanskar	21
Matematikkvanskar	22
Problemstillingar i rapporten.....	22
II. Undersøkinga	24
Respondentane.....	24
Instrument.....	24
Prosedyre	25
Fråfall og kjenneteikn ved dei innsette.....	25
Fødeland	27
Om rapporten	28
Fullført vidaregåande opplæring	29
III. Kompetanse.....	31
Utdanningsbakgrunn	31
Arbeidslivsrøynsle	35

IV. Utdanningsaktivitet i fengslet.....	39
Rett til opplæring.....	43
Oppleveling av utdanninga i fengsel.....	45
V. Utdanningsønske.....	46
I fengslet.....	46
Endeleg utdanningsønske	49
VI. Sjølvvurdering av dugleik.....	52
Spesifikk ikt-kompetanse	54
VII. Sjølvvurdering av lærevanskar.....	56
VIII. Oppsummering og drøfting.....	59
Utdannings- og arbeidslivsrøynsle.....	59
Utdanningsaktivitet i fengslet og rett til opplæring	61
Utdanningsønske	63
Sjølvvurdering av dugleik	65
Sjølvvurdering av lærevanskar	67
Praktiske følgjer av funna.....	68
Appendiks	70
Spørjeskjemaet.....	71
Litteraturreferansar	80

Føreord frå forfattarane

Denne rapporten er ein lekk i oppfølginga av stortingsmelding nr. 27 (2004-2005) *Om opplæringa innanfor kriminalomsorga "Enda en vår"* og ei oppfølging av to landsomfattande undersøkingar i 2004 og 2006. Datainnsamlinga som rapporten byggjer på er gjennomført av *Forskgruppa kognisjon og læring* ved Det psykologiske fakultetet, Universitetet i Bergen, etter oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Oppdraget er utført i samarbeid med Eikeland forsking og undervising. Utdanningsavdelinga har, etter oppdrag frå Utdanningsdirektoratet, nasjonalt ansvar for opplæringa innanfor kriminalomsorga i Noreg, og forvaltar tilskotet til opplæring innan kriminalomsorga.

Vi takkar seniorrådgjevar Torfinn Langelid, rådgjevar Paal Chr. Breivik og rådgjevar Sissel Mehammer hos Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Dei førebudde og administrerte arbeidet med utsending av spørjeskjema og Langelid oppretta kontakt med nøkkelpersonar i alle fengsla. På denne måten sikra ein at ein person i kvart fengsel var ansvarleg for gjennomføringa av undersøkinga i sitt fengsel. Utan ei slik tilrettelegging ville det vore umogleg å gjennomføre undersøkinga innan ein så kort tidsperiode som det vart lagt opp til. Langelid har også lese og kommentert utkast til rapporten. Vi rettar takk til alle dei som administrerte undersøkinga i fengsla, og ikkje minst takkar vi alle innsette som svarde på spørjeskjemaet.

Forfattarane er åleine ansvarlege for innhaldet i rapporten, og dermed også for eventuelle feil og manglar.

Bergen, 16. desember 2009

Ole-Johan Eikeland

Terje Manger

Arve E. Asbjørnsen

Summary

The right of education during incarceration is regulated by international conventions and recommendations. Membership nations of the UN and the Council of Europe are committed to implement the agreements and recommendations they have assented to. Norway has incorporated the European Convention on Human Rights into her legal system, and a fundamental principle of the Norwegian prison system is that inmates should have the same access to social services as other citizens. To obtain a knowledge base for the assessment of the educational requirements of the Norwegian prison population this survey was conducted to examine inmates' educational background and employment experience, educational participation and educational preferences.

This study was carried out one week in May 2009 in all Norwegian prisons. Data were collected by a questionnaire. According to reports from the Norwegian Ministry of Justice, there were a total of 3 359 inmates during the time period in question. Some of them (estimated to 3.6 per cent) were on leave or otherwise occupied, and could not be reached. Of the 3 238 inmates who received the questionnaire, 63.7 per cent answered and returned it. Inmates who were not confident in Norwegian were also given an English version, and those who could not understand either of the languages or those having reading or writing problems, received help to fill out the questionnaire. The questionnaires were returned anonymously. The study was approved by the Regional Ethical Committee for Research in Health Sciences of the Western Norway and the Privacy Ombudsman for Research, Norway. In addition, a special approval was granted from the prison authorities and the Ministry of Justice, Norway.

Inmates born in 95 different countries participated in the study, and 33.5 per cent of those who replied were born in other countries than Norway. Women accounted for 6.0 per cent of the prison population when data was collected, but 7.4 per cent in the study population. The respondents' average age was 34.7 years.

Fifty six per cent of the inmates had primary school or lower secondary school as their highest level of education, while 29 per cent had upper secondary school as their highest level, which is equivalent to the Norwegian populations' educational level before 1970. On the other hand, 15 per cent of the inmates had completed single courses or grades at university or college, which is close to the level of the Norwegian population in 1990. Ten per cent of the inmates had not completed any educational at all. The youngest inmates (below 25 years) were those who most often had not completed upper secondary school (89 per cent). Only small gender differences were found. More than ten per cent of the inmates had never been employed and those who had been employed had most often had unskilled work.

According to the study, approximately 54 per cent of the inmates were not participating in any education activity in prison. Nearly every fifth was in upper secondary education, the same rate of the inmates participated in non-formal courses, and four per cent were studying university or college courses. Inmates between 25 and 34 years of age most frequently took part in prison education. There were only minor gender differences in participation in prison education. Inmates from Africa were those who most often took part in primary education. In Norway many inmates have short sentences. Those with short sentences (shorter than three months), rarely

took part in education programs in prison. The part of the survey applying only to those inmates who are participating in educational activities indicated that they were basically satisfied with their course experiences.

Seventy-one per cent of the inmates wished to start an education while in prison (they had at least one preference). Most of them they wanted to start or complete upper secondary education or shorter courses, such as ICT courses or language courses. Educational wishes were more common among those who had long sentences. Seventy-one per cent of the inmates replied that they had a final educational aim, while 29 per cent did not have educational aspiration; 29 per cent wanted to complete a vocational education while 30 per cent wanted to complete university or college.

The inmates gave a self-report on their academic skills and learning problems. For reading, 67 per cent described their skills as *good* or *very good*, while similar figures for writing, maths and ICT competence were 57, 37, and 35 per cent, respectively. Inmates above 44 years of age more often described skills in reading and writing as *good* or *very good* (partly in maths too). On the other hand, almost one third of these inmates reported to have low skills in ICT. Only 57 per cent of the inmates replied that they had no problems in reading, 47 per cent no problems in writing, and 30 per cent reported to have no problems in mathematics.

We recommend that the prison authorities and the educational authorities aim to become fully engaged in ensuring that there are prison educational activities available and suitable to all. The survey shows that there has been a steady increase in the number of inmates who take part in education in prison. However, the educational activities offered must be more varied, and especially more vocational courses must be offered. Moreover, the fact that an increasing amount of inmates are qualified to study at university or college level implies that this level also have to be represented in prison education. Most important, inmates with learning problems must also receive assistance after release.

Hovudfunn

Denne rapporten byggjer på ei undersøking blant alle innsette over 18 år i norske fengsel i ei veka i mai 2009. Føremålet var denne gongen å gje eit samla bilet av innsette sin utdanningsbakgrunn, utdanningsønska deira og å sjå dette i høve dei tidlegare undersøkingane av innsette og utdanning i 2004 og 2006. I tillegg har vi også undersøkt dei innsette si røynsle frå arbeidslivet. Kartlegginga er den første etter at det no blir gitt opplæringstilbod i alle fengsla i Noreg.

To tusen og sekstifem innsette svarde på spørjeskjemaet. Dette gjev ein svarprosent på 63,7 av dei som fekk skjemaet 4. til 11. mai 2009. Nedanfor er dei viktigaste funna samanfatta. (Grunnlaget for prosentrekninga kan vere ulikt for det som dei ulike kulepunktene viser. Det er derfor viktig å sjå denne oppsummeringa i samanheng med tabellane inne i rapporten.)

- 56,1 prosent av innsette i fengsel og 30,9 prosent av innbyggjarane i Noreg har grunnskule som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 28,6 prosent av innsette og 43,1 prosent av innbyggjarane i Noreg har treårig vidaregåande opplæring som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 15,3 prosent av innsette og 26,9 prosent av innbyggjarane i Noreg har enkeltfag eller grad på universitets- eller høgskule som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 10,0 prosent av innsette har ikkje fullført grunnskule (folkeskule, ungdomsskule eller tilsvarande). Den høge prosentdelen utlendingar i fengsla kan forklare litt av denne høge prosenten.
- 15,4 prosent av innsette har fullført første året vidaregåande opplæring eller tilsvarande, men ikkje meir.
- 18,6 prosent av innsette har fullført to år vidaregåande opplæring eller tilsvarande, men ikkje meir.
- 18,9 prosent av innsette har fullført treårig vidaregåande opplæring eller tilsvarande, men ikkje meir.
- 33,4 prosent av innsette har inga vidaregåande opplæring eller tilsvarande.
- Av dei som svarde er 7,4 prosent kvinner. Menn og kvinner i fengsel har eit nokså likt utdanningsnivå, men ein litt større del kvinner har fullført tre år vidaregåande opplæring og har høgare grad frå universitet og høgskule.
- Dess eldre dei innsette er, dess større prosentdel har fullført grunnskule, treårig vidaregåande opplæring og høgare utdanning.
- 86,6 prosent av innsette under 25 år har ikkje fullført treårig vidaregåande opplæring.
- 33,5 prosent av innsette i undersøkinga er fødde i eit anna land enn Noreg; dei frå andre europeiske land har i stort fullført treårig vidaregåande opplæring eller tilsvarande.
- 71,4 prosent av innsette har utdanningsønske i fengsel, kvinner litt meir enn menn.

- Innsette under 45 år har i større grad enn dei over ønske om meir utdanning.
- 11,2 prosent av innsette har ikkje hatt arbeid.
- 59,2 prosent av innsette som har hatt arbeid har hatt ufaglært arbeid.
- 56,8 prosent av innsette seier at dei ikkje har vanskar med lesing; 46,8 prosent seier at dei ikkje har vanskar med skriving.
- 7,9 prosent av innsette rapporterer å ha lesevanskar i 'svært stor grad'; 8,6 prosent har skrivevanskar i 'svært stor grad'. Kvinner har i mindre grad enn menn vanskar.
- Dess eldre dei innsette er, dess lågare prosentdel er det som seier at dei har lese- eller skrivevanskar.
- 29,5 prosent av innsette seier at dei ikkje har vanskar i matematikk.
- 16,7 prosent av innsette rapporterer at dei har matematikkvanskar i 'svært stor grad'. Menn har i mindre grad enn kvinner vanskar.
- Innsette har klart svakare ikt-kompetanse enn elevar på tiande trinn i grunnskulen.
- 58,2 prosent av innsette som er 24 år eller yngre har rett til vidaregåande opplæring, men held ikkje på med det.
- 41,7 prosent av innsette over 24 år vil kunne få rett til vidaregåande opplæring om dei søker om det.
- 10,1 prosent av innsette som er 24 år eller yngre har ikkje fullført grunnopplæring og vil få rett til vidaregåande opplæring når det er fullført.
- 54,4 prosent av innsette tar ikkje utdanning i fengslet.
- 73,1 prosent av innsette er nøgd med utdanninga i fengslet. Dess høgare utdanningsnivå ein held på med, dess mindre nøgd er ein med utdanninga eller opplæringa som blir gitt.

I. Innleiing

Innsette i norske fengsel har same rettar til utdanning og opplæring som innbyggjarane i landet elles. Desse rettane er regulerte av lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), straffegjennomføringslova og internasjonale konvensjonar og tilrådingar. Medlemsstatane i SN og Europarådet har forplikta seg til å følgja opp dei konvensjonane og tilrådingane som dei har vore med og vedtatt. Til dømes har dei nordiske landa inkorporert Den europeiske menneskerettskonvensjonen i lovverket sitt. Dette lovverket skal også sikra personar som sonar i andre land sine fengsel, rett til utdanning.

I stortingsmelding nr. 27 (2004-2005) *Om opplæringa innanfor kriminalomsorga "Enda en vår"*, skriv det nåværende Utdannings- og forskningsdepartementet at målet for opplæringa innanfor kriminalomsorga er det same som for all anna utdanning. Ei godt tilrettelagt opplæring kan ha mykje å seie som del av ei vellukka rehabilitering, og er derfor ei investering for framtida, heiter det. Ikkje minst understrekar departementet at opplæring er god samfunnsøkonomi:

"Ut frå et samfunnsøkonomisk perspektiv kan en økning i omfanget og styrking av kvaliteten på opplæringa være en god investering over tid og ha en rekke positive effekter, som for eksempel lavere kriminalitet, lavere arbeidsledighet og økt verdiskapning. For den enkelte kan utdanning være inngangsbilletten til økt deltagelse i samfunns- og arbeidsliv, og redusere tilbakefall for tidligere innsatte" (s. 34 og 35).

I stortingsmelding 37 (2007-2008), *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn* (kriminalomsorgsmelding), frå Justis- og politidepartementet heiter det at god opplæring er eitt av dei viktigaste verkemidla for å få straffedømde til å meistra livet etter enda soning og det er eit viktig kriminalitetsførebyggjande tiltak. I meldinga blir det lagt vekt på at den einskilde sine behov for og ønske om utdanning skal så langt det er mogleg vera utgangspunkt for kva skulen tilbyr, og at opplæringa i fengsel skal ha same høge kvaliteten som i samfunnet elles.

Føremålet med denne rapporten, som byggjer på eit spørjeskjema til alle innsette i norske fengsel i mai 2009, er å kartleggja dei innsette sin kompetanse gjennom utdanning og yrkesbakgrunn, utdanningsaktiviteten i fengsla og lærevanskar.

Undersøkingane i 2004 og 2006

Undersøkinga som denne rapporten omhandlar vart gjennomført vel tre og vel fem år etter at tilsvarande landsomfattande undersøkingar vart gjennomførde (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland, Manger og Diseth, 2006). Ein del sentrale problemstillingar, til dømes dei som gjeld utdanningsbakgrunn og utdanningsønske, er felles for alle tre undersøkingane. Dette gir eit grunnlag for å samanlikna over tid. Mange problemstillingar er likevel særegne for kvar av undersøkingane. I denne siste undersøkinga gjev mellom anna dei innsette opplysningar om arbeidsbakrunnen

sin og dei rapporterer sjølve om ikt-kompetansen (både gjennom einskildspørsmål, som blir omtalt i denne rapporten, og gjennom eit meir detaljert instrument). Delar av 2009-undersøkinga er også ei oppfølging av tidlegare undersøkingar om lese- og skrivevanskars (Asbjørnsen, Jones og Manger, 2007; Asbjørnsen, Manger og Jones, 2007; Asbjørnsen, Jones og Manger, 2008). Resultata frå denne delen av undersøkinga vil bli rapportert seinare.

Utdannings- og arbeidsrøynsle

Utdanningsnivået til dei innsette heng etter kva som gjeld for folket elles i Noreg. Dette går fram når ein samanliknar Statistisk sentralbyrå (SSB) sine tal for utdanningsnivået i Noreg med innsette sine sjølvrapporterte data for utdanningsnivå. Her må ein merke seg at SSB sin definisjon av utdanningsnivå har endra seg sidan undersøkingane våre i 2004 og 2006, noko som vi forklarer i kapittel II. Førebels vil vi her nemne at endringa i stor grad avspeglar mangefull fullførd treårig vidaregåande opplæring, noko som i særleg grad gjeld innsette. I 2004 hadde, i følgje SSB, 56,5 prosent av alle over 16 år i Noreg vidaregåande opplæring som høgaste fullførde utdanning. Tilsvarande tal for dei innsette ved 2004-undersøking var 43,4 prosent (Eikeland og Manger, 2004), og i 2006 var talet 48,1 prosent (Eikeland mfl., 2006). Med andre ord endra både fangepopulasjonen og heile folket seg, og avstanden mellom dei innsette og heile folket hadde minka litt. Dersom vi legg SSB sin tidlegare utrekningsmåte for utdanningsnivå til grunn, hadde dei innsette i 2004 eit utdanningsnivå som tilsvarte det som gjaldt i 1980 for heile folket. Tek vi omsyn til at innsette har langt lågare gjennomsnittsalder enn innbyggjarane totalt, var skilnaden mellom same aldersgrupper innanfor og utanfor murane større. Dette kom særleg klart fram i aldersgruppa under 25 år.

Alder og utdanningsnivå heng saman. I 2006-undersøkinga (Eikeland mfl., 2006) utgjorde dei yngste innsette (under 25 år) den største delen som hadde fullført vidaregåande opplæring grunnkurs og VK1, men dei hadde langt frå den høgaste delen som hadde fullført treårig vidaregåande opplæring. Forklaringsa på dette ligg truleg både i livssituasjonen som dei innsette er i, og ikkje minst det som har ført dei dit. Mange har brote av opplæringsløpet sitt, og både det og situasjonen i fengslet krev av dei treng lengre tid på å få fullført opplæringa.

Utdanningsnivået til dei innsette heng også saman med kva som er deira geografiske opphav. I 2006-undersøkinga (Eikeland mfl., 2006) hadde nesten kvar sjette innsett eit anna land enn Noreg som oppvekstland. Berre fire av fem innsette frå land utanom Europa hadde fullført grunnskule eller tilsvarande. På den andre sida var prosentdelen med høgare utdanning i denne gruppa innsette etter måten høg, elleve prosent. Kvinnlege og mannlege innsette hadde ein nokså lik utdanningsbakgrunn. Den største skilnaden var at ein nesten dobbel så stor del menn hadde fullført yrkesopplæring. Kvinner hadde i litt større grad enn menn høgare utdanning. Dette er nokså likt det som vart funne i 2004 (Eikeland og Manger, 2004).

To undersøkingar viser at berre ein tredel av dei innsette i norske fengsel var i arbeid ved fengsling og at kring 80 prosent av desse hadde fast stilling (Friestad og Skog Hansen, 2004; Skarðhamar, 2002). Dei same undersøkingane viste at dobbelt så mange menn som kvinner var i arbeid ved fengsling. Medan undersøkingane vi gjennomførte i 2004 og 2006 kartla dei innsette sin utdanningsbakgrunn, har vi i undersøkinga som denne rapporten omhandlar også kartlagt bakgrunnen deira frå arbeidslivet før dei vart fengsla.

Utdanningsønske

Prosentdelen innsette som gav uttrykk for at dei hadde minst *eitt* utdanningsønske var i 2004-undersøkinga 65,5 (Eikeland og Manger, 2004) og i 2006 var prosenten 54,3 (Eikeland mfl., 2006). I 2006 ønskte nesten kvar tiande innsett frå land utanom Europa grunnskuleopplæring. Innsette utanfor Noreg etterlyste 'anna utdanning'. I hovudsak var det då snakk om språkkurs, anten norsk eller engelsk. Utover det var det ikt-kurs som ofte blei presisert under 'anna utdanningsønske'.

Utdanningsønska er også aldersavhengige, noko undersøkinga i 2006 klart viste (Eikeland mfl., 2006). Dei eldste innsette etterlyste i større grad enn yngre 'anna utdanning'. Her var det igjen ønske om ikt-kurs blant dei eldste som gjorde skilnaden (dei innsette kunne spesifisere 'anna utdanning' i ein open kategori). Dess yngre dei innsette var dess større var prosentdelen som etterlyste vidaregående opplæring. Prosentdelen med minst eitt utdanningsønske var 65,4 blant dei under 25 år; han var 35,7 prosent blant dei over 44 år. Det var berre små skilnader mellom kvinner og menn når det gjeld utdanningsønske. Jamt over var det slik at prosentdelen som etterlyste utdanning på universitets- og høgskulenivå var noko mindre i 2006 (kvar tolvte innsett), samanlikna med dei innsette som var med i undersøkinga i 2004 (kvar åttande innsett).

Samla sett viser undersøkingane i 2004 og 2006 at ein stor del av dei innsette ønskjer å ta meir utdanning. For utanforståande som ikkje er kjent med innsette sine ønske, kan dette verke overraskande. Eit fleirtal av dei innsette har truleg negative røynsler med skule og utdanning. Kvifor ønskjer dei då å ta meir av det ein trur dei mislikar? Innsette som tidleg har falle ut or det ordinære skule- og utdanningstilbodet kan i utgangspunktet visa motstand mot det som smakar av undervisning og læring (Costelloe, 2003; Manger, Eikeland, Diseth Hetland og Asbjørnsen, under trykking). Paradoksalt nok er det likevel slik, finn ho i Irland, at tida i fengsel gir dei høve til å revurdere slik motstand. Etter å ha opplevd nytte ved opplæring i fengsel, utviklar gjerne desse innsette interesser dei ikkje hadde før, og dermed også meir motivasjon for vidare utdanning. I denne rapporten frå undersøkinga gjennomført i 2009, vil vi få kunnskap om kor stor del av dei innsette som ønskjer meir utdanning og kva utdanning det er snakk om.

Utdanningsaktivitet i fengsel

Eit overordna verdigrunnlag i norsk kriminalomsorg er at innsette skal ha same tilgang til samfunnet sine offentlege tenestetiltak (t.d. helse, skule, bibliotek og liknande) som borgarar elles i samfunnet. Då stortingsmelding nr. 27 (2004-2005), *Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen "Enda en vår"*, vart handsama i Stortinget i 2005, var det brei semje om retten til opplæring i fengsel. Då undersøkinga om utdanning, utdanningsønske og rett til opplæring vart gjennomført i 2006 (Eikeland mfl., 2006) var det framleis tretten fengsel som ikkje gav tilbod om formell opplæring. Ein merka seg då at 40 prosent av innsette i fengsel utan skule ikkje hadde fullført vidaregåande opplæring. Likeeins vart det peika på at 43 prosent av innsette i fengsel utan skule hadde minst eitt utdanningsønske. Ein tredel av dei som sona i desse fengsla i 2006 hadde rett til vidaregåande opplæring, men fekk ikkje høve til å byrje på opplæringa. Desse funna illustrerte klart at det var behov for å etablera tilbod om opplæring i alle norske fengsel. I etterkant av undersøkinga (og stortingsmeldinga) vart det då også etablert tilbod om opplæring i alle fengsel. Det er grunn til å vente at dei strukturelle endringane som skjedde mellom undersøkingane i 2006 og 2009 har påverka utdanningsaktiviteten i norske fengsel.

Passar så opplæringstilbodet i fengsla dei innsette? Over halvparten av elevplassane i fengsel var i 2006 innanfor vidaregåande opplæring (medrekna plassar ved kortvarige kurs, som vanlegvis ikkje er kompetansegivande), og mest to tredeler av desse plassane var innan allmenne, økonomiske og administrative fag. Dette siste var tilfelle trass i at to tredeler av dei innsette som ønskte å ta meir utdanning, ønskte yrkesfagleg studieretning i vidaregåande opplæring, og trass i at yrkesfagleg opplæring truleg gir betre høve til arbeid etter avslutta soning. Konsekvensane av undersøkinga var den gongen klare: Opplæringstilbodet i fengsel må bli meir variert og alle fengsel må gje tilbod om vidaregåande opplæring. Innanfor vidaregåande opplæring må særleg den yrkesretta opplæringa byggjast ut. I undersøkinga som denne rapporten omhandlar har vi kartlagt både kor mange innsette som deltek i opplæringa innanfor kriminalomsorga og kva type opplæring dei deltek i.

Elevane si vurdering av opplæringa

Forskningsbaserte evaluering av fengselsundervisninga i Noreg har vist at elevane sjølv opplevde at dei hadde utbyte av skulegangen (sjå t.d. Langelid og Manger, 2003). Sameleis viser ei vurdering av undervisninga innan svensk kriminalomsorg at skulen fungerer bra og at elevane sine synspunkt blir høyrd (Claesson og Dahlgren, 2002). Den felles nordiske undersøkinga om utdanning i fengsel viser også at dei innsette som tek utdanning i fengsel er nøgde med undervisninga som blir gitt (Eikeland, Manger og Asbjørnsen, 2008). Likevel er det visse problem som står klart fram, uavhengig av land: Dei innsette hevdar i stor grad at mangel på ikt-utstyr er noko som skaper problem for dei når dei skal ta utdanning. I fleire undersøkingar er det også indikasjonar på at opplæringstilbodet ikkje er tilpassa dei innsette sine behov (t.d. Diseth, Eikeland og Manger, 2006). Særleg saknar dei innsette yrkesfaglege studietilbod.

Sjølvurdering av kompetanse

Skulereforma Kunnskapsløftet, som vart innført i grunnskulen og den vidaregående opplæringa i 2006 og 2007, inneber at skulen skal prioritere grunnleggjande dugleikar i alle fag. Dei grunnleggjande dugleikane, som er viktige føresetnader for vidare læring, er desse: Å kunne uttrykkje seg munnleg, å kunne lese, å kunne rekne, å kunne uttrykkje seg skriftleg og å kunne bruke digitale verktøy (ikt-utstyr). Opplæringa innanfor kriminalomsorga følgjer dei same læreplanar som skuleverket elles. Difor inneber dei innsette sin rett til utdanning på lik line med andre borgarar også at dei har rett til å få styrkt kompetansen sin i desse grunnleggjande evnene. Det er difor viktig å ha kunnskap om dei innsette sin kompetanse på dei områda Kunnskapsløftet skildrar som grunnleggjande. I undersøkinga som denne rapporten handlar om har vi ikkje hatt høve til å teste kompetansen deira. Vi nøyser oss difor med å be dei vurdere sin eigen lese- og skrivekompetanse, matematikkkompetanse og ikt-kompetanse. Denne metoden kan ha veike sider. Dei som svarar kan komme til å overvurdere sin eigen kompetanse, særleg fordi dei svarar utifrå ein situasjon eller kontekst der kompetansen synest god nok. Ein innsett som ikkje har arbeid eller aktivitetar som krev høg kompetanse i lesing kan såleis komme til å skildra dugleiken sin i lesing som medels eller god. Standardiserte testar kan derimot vise dugleiken er svak (t.d. Gabrielsen, 2005).

Lese- og skrivekompetanse

Det å kunne lese- og skrive er viktig i fengsel av fleire grunnar: Innsette må ofte fylle ut skjema og svare på skriv; brev kan vere avgjerande for kontakten med verda utanfor murane; somme arbeidsplassar i fengslet krev at ein kan lese og skrive; opplæringa innan kriminalomsorga krev lese- og skivedugleik og lesing er også ein måte å få tida til å gå på. Etter at dommen er ferdig sona er særleg dugleik i lesing og skriving avgjerande for å få arbeid eller kunna halda fram med utdanning. Mangel på slike evner vil difor vere til hinder for personleg utvikling og deltaking i samfunnet. Manger, Eikeland og Asbjørnsen (2006) fann at manglande lese- og skriveevner er med å forklare både kvifor innsette tidlegare ikkje har avslutta vidaregående opplæring og kvifor dei etter at dei kom i fengsel ønskjer å ta til med slik opplæring. Slik sett støttar dette opp under det Costelloe (2003) fann, nemleg at soning for mange gir høve til å revurdere tidlegare skuletap og starta på ny, eller halde fram med det som vart avbrote.

Matematikkkompetanse

I matematikkkompetanse inngår det å kunne løyse varierte oppgåver og problem og språklege aspekt, slik som det å kunne resonnere og kommunisere. I læreplanen for Kunnskapsløftet heiter det:

"Kompetanse i matematikk er ein viktig reiskap for den einskilde, og faget kan leggje grunnlag for å ta vidare utdanning og for deltaking i yrkesliv og fritidsaktivitetar. Matematikk ligg til grunn for viktige delar av kulturhistoria vår og for utviklinga av logisk tenking. På den måten spelar faget ei sentral rolle i

den allmenne danninga ved å påverke identitet, tenkjemåte og sjølvforståing. Kompetanse i matematikk er ein viktig reiskap for den einskilde, og faget kan legge grunnlag for å ta vidare utdanning og for deltaking i yrkesliv og fritidsaktivitetar. Matematikk ligg til grunn for viktige delar av kulturhistoria vår og for utviklinga av logisk tenking. På den måten spelar faget ei sentral rolle i den allmenne danninga ved å påverke identitet, tenkjemåte og sjølvforståing (Utdanningsdirektoratet, u.d.).

Vi veit i dag lite om dei innsette sin kompetanse i matematikk, bortsett frå at ein svært høg prosent rapporterer at dei har vanskar i faget (sjå seinare). Gjennom dei innsette si sjølvrapportering vil vi få eit grovt bilet, med dei reservasjonane knytt til metoden vi har omtalt tidlegare.

Ikt-kompetanse

I Kunnskapsløftet er som nemnt digital kompetanse ein av fem basisdugleikar på line med å uttrykkja seg skriftleg og munnleg, lesing, skriving og rekning. Bruk av ikt er difor ein viktig arbeidsreiskap for alle elevar og studentar. I stortingsmelding 17 (2006-2007), *Eit informasjonssamfunn for alle*, heiter det at det også er viktig å legge til rette for bruk av ikt for dei som av ulike grunnar står utanfor informasjonssamfunnet, anten det er sjølvvald eller ikkje. I meldinga står det vidare at både digital tilgang og digital kompetanse er viktige føresetnader for deltaking og inkludering i samfunnet, og at godt digitalt innhald (tilgang) er ein nøkkel til kunnskap.

I stortingsmelding nr. 27 (2004-2005), *Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen "Enda en vår"*, skriv departementet at opplæringa innanfor kriminalomsorga i utgangspunktet skal vere på same nivå som ordinær utdanning og kvalifisere for vidare utdanning, arbeid og meistring av dagleilivet. "Det kan knapt skje utan ikt-kompetanse" (s. 24). Departementet vurderer det slik at ikt-kompetanse er naudsynt for å utvikla ein full kompetanse for dei innsette som tek utdanning. Det vert mellom anna peika på at fjernstudium for innsette kan gjennomførast ved hjelp av datamaskin, og at behovet for kontroll med dei innsette sin kommunikasjon må løysast i eit samarbeid mellom justis- og utdanningsstyresmaktene.

I stortingsmelding 37 (2007-2008), *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn* (kriminalomsorgsmelding), heiter det at det er eit mål for departementet å etablere internett for innsette i alle fengsel. Dette vil kunne gje eit auka tilbod innan opplæring og høve til å ta vidare utdanning på høgskule og universitetsnivå, heiter det vidare. "I tillegg til betydningen for undervisningen, er internett et velferdsgode som bygger ned skrankene mellom innsatte og samfunnet omkring. Utenlandske innsatte kan få mulighet til å lese hjemlandets aviser på sitt eget språk. Tilgang til internett er et nødvendig tilbud om normalitetsprinsippet skal etterleves" (s. 112). I stortingsmeldinga blir det vist til at Kriminalomsorgens it-tjeneste (KITT) i samarbeid med utdanningsstyresmaktene har laga ei nasjonal løysing, "Internett for innsette", som gir dei innsette kontrollert tilgang til nettet. Innan utgangen av 2010 skal alle fengsel ha eit skuletilbod der dei innsette får tilgang til internett slik at opplæringa kan gjennomførast i tråd med gjeldande læreplanar (prop. 1 S (2009-2010) frå Justisdepartementet).

Til no veit vi lite om innsette sin ikt-kompetanse. Undersøkinga blant innsette i alle nordiske landa (Eikeland mfl., 2008) viser at dei innsette etterlyser tilgang til meir ikt-utstyr for på den måten å kunne lette deltaking i opplæringa i fengsel. Denne etterspurnaden kan vera grunna i fleire forhold, og to forhold kan særleg framhevest som viktige for undervisninga: Ikt-utstyret er sakna både som eit verktøy i opplæringsaktiviteten og fordi dei innsette ønskjer opplæring i å bruke det. Desse forholda heng saman. Ein kan ønskje seg opplæring i bruk av ikt-utstyr for seinare å kunne bruke det i skule- eller utdanning, og ein kan godt vere ein god ikt-brukar, men likevel ha ønske om å lære noko nytt som igjen kan brukast i seinare opplæring.

Lærevanskar

Lese- og skrivevanskar og matematikkvanskar, kan skuldast svikt i grunnleggjande kognitive evner. Vanskar som kan forklaast på grunnlag av særlege vanskar eller kognitiv svikt hos individet blir gjerne kalla for lærevanskar. Vanskane kan også skuldast mangelfull opplæring eller trening, og det er då ikkje vanleg å seie at det ligg føre ein lærevanske. Spesifikke lærevanskar blir også kalla for dysleksi (lesevanskar) eller dyskalkuli (matematikkvanskar). Vidare kan lærevanskane også skuldast mangelfull opplæring eller trening. Ulike årsaker til vanskane krev ulike tiltak. Medan dysleksi hos innsette krev at dei får sakkunnig hjelp (spesialpedagog, logoped) inneber erfaringsbaserte forhold at dei blir motiverte til lesetrening, til dømes i form av lesestimulering og tilgang til bibliotek. I stortingsmelding nr. 27 (2004-2005), *Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen "Enda en vår"*, skriv departementet at den høge førekomensten av lese- og skrivevanskar og matematikkvanskar i fengsel er urovekkjande. Departementet meiner det er grunn til å tru at dette i stor grad kan skuldast mangelfull øving. I eit rehabiliteringsperspektiv er det difor grunnlag for å forventa gode effektar av å styrkja rekne- og lesedugleiken blant dei innsette, heiter det vidare.

I undersøkinga denne rapporten omhandlar har vi, som i 2004 og 2006, målt dei innsette *si eiga* rapportering av lærevanskar. Her gjeld den same merknaden som under avsnittet om sjølvrapportering av kompetanse: Det kan vere eit misforhold mellom det ein sjølv rapporterer og det resultatet av testar ville ha vist. Ei tidlegare undersøking gir då også støtte til at det er eit slikt misforhold mellom sjølvrapporterte lesevanskar og målt lesedugleik i eit utval innsette. Dei innsette rapporterer sjølve klart færre vanskar enn dei faktisk har (Asbjørnsen, Manger og Jones, 2007).

Lese- og skrivevanskar

Mest ein tredel av dei innsette i 2004- og 2006-undersøkingane rapporterer sjølve at dei har litt eller mykje lese- eller skrivevanskar. Prosentdelen som rapporterte at dei hadde lese- eller skrivevanskar var i 2006 noko større enn i 2004-rapporteringa (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland mfl., 2006). I 2004 var det nokså klart størst prosentdel blant dei yngste som rapporterte om slike vanskar. I 2006 var det i aldersgruppa 25 til 34 år vi fann den største delen med slik vanskar. Begge

undersøkingane viser at dei eldste innsette rapporterer minst slike vanskår. Ei nærliggjande forklaring på dette er truleg at dei yngste både i nær fortid og i notid har kjent problema klarare på kroppen (dei har hatt meir bruk for å kunne lese og skrive). Skilnaden mellom kvinner og menn i 2006 var også mindre enn i 2006.

I ei anna norsk undersøking i eit større fengsel vart det funne at mellom 50 og 70 prosent av deltakarane viste lesevanskår av eit slikt omfang at det vil kunne tilfredsstilla diagnostiske kriterium for lesevanskår (Asbjørnsen mfl., 2008). Ein leseprøve viste likevel at den grunnleggjande lesedugleiken var på plass, men dugleiken var ikkje vidare utvikla etter avslutta grunnopplæring. Det er difor nærliggjande å tolka resultata som ein konsekvens av manglande leselærings og mangelfull leseerfaring framføre at dei skuldast spesifikke fonologiske vanskår eller dysleksi. Desse funna stemmer med svenske undersøkingar (Alm og Andersson, 1997; Jensen, Lindgren, Meurling, Ingvar og Levander, 1999), som har rapportert at mellom 45 og 60 prosent av innsette i fengsel har markerte lese- og skriveproblem. Samuelsson, Herkner og Lundberg (2003) viste i undersøkinga si eit utval innsette i svenske fengsel at omfanget av dysleksi likevel ikkje er vesentleg større enn i landet elles. Dette indikerer at mange innsette har lese- og skrevenvanskår som kjem av mangel på leseerfaring og avbroten skulegang, noko som også dokumenterer eit stort behov for tiltak for trening av lese- og skrivedugleik i fengsel.

Matematikkvanskår

Med matematikkvanskår eller dyskalkuli meiner ein at reknedugleiken er vesentleg dårligare enn kva evnenivå og generell skulefagleg dugleik skulle tilseie. Ein reknar vanlegvis med at kring femten prosent av skuleelevarane utanfor fengsel har vanskår med å følgja undervisninga i matematikk, og at kring seks prosent av elevane har spesifikke matematikkvanskår. Omkring halvparten av denne sistnemnde gruppa har i tillegg spesifikke lese- og skrevenvanskår (Tvedt og Johnsen, 2000). I undersøkingane blant innsette i fengsel har ein ikkje hatt høve til å teste deltakarane for dyskalkuli. Nær halvdelen av dei innsette rapporterte sjølv at dei hadde rekne- eller matematikkvanskår. Prosentdelen som rapporterte at dei hadde desse vanskane var litt større i 2006 enn i 2004 (Eikeland mfl., 2006; Eikeland og Manger, 2004). I begge undersøkingane var det dei yngste som rapporterte den største delen med slike vanskår. Det vart funne ein klar samanheng mellom det å rapportere lese- eller skrevenvanskår og rekne- eller matematikkvanskår. Berre vel halvparten av dei innsette sa at dei ikkje hadde nokon av vanskane.

Problemstillingar i rapporten

Det er fleire føremål med denne rapporten. Dei innsette sin skule- og utdanningsbakgrunn skal kartleggjast, i tillegg til arbeidserfaringa deira. Det vil seie at rapporten skal gje informasjon om kor høg del av populasjonen innsette som har fullført grunnskuleutdanning, vidaregående opplæring eller fagopplæring og universitets- eller høgskuleutdanning. Ei slik kartlegging av utdanningsbakgrunn,

som også vart gjort i 2004 og 2006, er viktig med tanke på planlegging av skule og utdanning i fengsel og etter avslutta soning. Dei innsette sin bakgrunn frå yrke og arbeid vart som nemnt ikkje kartlagt i 2004 og 2006, og no ønskjer vi å vita om dei har hatt arbeid før dei vart fengsla, kor lenge dei har vore i arbeid og kva sort arbeid dei har hatt. Vidare skal dei innsette sine utdanningsønske kartleggjast. Retten til utdanning krev at ein høyrer på dei innsette sine ønske om skule og utdanning, under og etter soning. Utdanningsaktiviteten i fengsla blir også tatt opp. Vi ønskjer å vite om dei innsette deltek i utdanning og kva slag utdanning dei tek. Dei innsette har så gitt ei vurdering av opplæringa innanfor kriminalomsorga. Det er første gongen ei slik kartlegging blir gjort etter at innsette i alle fengsel fekk tilbod om utdanning. Til sist skal sjølvrapportert kompetanse i lesing, skriving, matematikk og ikt kartleggjast, saman med sjølvrapporterte lærevanskar.

II. Undersøkinga

Respondentane

Undersøkinga vart gjennomført i veke 19, dvs. 4. til 11. mai, og alle fengsla i Noreg skulle vere med. På grunn av lokale forhold ved to av fengsla vart undersøkingane der gjennomførde over to veker, dvs. fram til 16. mai. Opplegget var elles det same som i 2004 og 2006 (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland mfl., 2006). Alle innsette over 18 år som i veke 19 sona dom, sat i varetekts eller var under forvaring, var i målpopulasjonen for undersøkinga. Dette gjaldt også i dei to fengsla som fekk to veker til å gjennomføre undersøkinga. I praksis er altså dette ei populasjonsundersøking. Nemninga 'innsette' blir brukt om alle tre kategoriane. I følgje rapportering frå Justisdepartementet var det 3 359 innsette på det tidspunktet data vart samla inn. Ein del av desse kunne vere på permisjon eller var opptekne med andre ting, så som rettssaker. Det vart denne gongen, i motsetnad til 2004 og 2006, ikkje lagt vekt på at fengsla rapporterte om kor mange som ikkje kunne nåast. (Ressursane vart heller sett inn på å få innsette med t.d. språkvanskars til å svare.) I 2006 var det 3,6 prosent av dei innsette som ikkje kunne nåast av ulike grunnar. Brukar vi dette talet som eit estimat i 2009-undersøkinga, vil det seie at det var 3 238 innsette som fekk eller burde ha fått skjemaet. Slik rekna er svarprosenten denne gongen 63,7, med 2 065 returnerte og utfylte skjema. Dette er ein god del lågare enn i dei to føregåande undersøkingane. På den andre sida har vi lukkast i å få fatt på ein større del utlendingar i fengsla enn kva vi i dei tidlegare undersøkingane gjorde, også utlendingar som korkje kan norsk eller engelsk, og som fekk hjelp av dei tilsette til å fylle ut skjemaet.

Instrument

Spørjeskjema (sjå Appendiks) vart laga i samråd med ei arbeidsgruppe etter oppdrag frå Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland. Arbeidsgruppa hadde medlemmer frå Utdanningsdirektoratet, Fylkesmannen i Hordaland, Justisdepartementet ved Kriminalomsorgens sentrale forvaltning og Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet (VOX).

Skjemaet som vart nytta denne gongen var i stor grad bygd over delar av eit skjema som var nytta i samband med ei anna undersøking av innsette i Noreg når det gjeld lesedugleik, lesevanar og lesevansk (Asbjørnsen, Manger og Jones, 2007; Asbjørnsen mfl., 2008). Det skjemaet vart grundig testa ut i ein pilottest i Bergen fengsel i 2007, og undersøkinga vart gjennomført hausten 2008. I tillegg vart spørsmål frå både 2004- og 2006-undersøkingane repliserte der det var relevant. Desse spørsmåla og skjema vart også den gongen testa ut i såkalla pilotgrupper i Bergen fengsel. Arbeidsgruppa fann det derfor denne gongen ikkje turvande å gjennomføre ein ny slik pilottest av skjemaet. Skjemaet i 2009 var ein del enklare når det gjeld spørsmål om utdanning, utdanningsaktivitet i fengslet og utdanningsønske enn tidlegare. Dei innsette måtte no opplyse om kva som var deira *høgaste fullførde* utdanning, kva utdanning dei var i gang med og eventuelle utdanningsønske. I skjemaet vart det også tatt med spørsmål som gjeld ikt-kunnskapen til dei innsette. Spørsmåla om ikt er dei same som er blitt nytta i internasjonale undersøkingar om

sjølvrapportert ikt-kunnskap, og er også blitt brukt i ein norsk versjon mynta på elevar i grunnskulen (Vold, 2007). I tillegg vart det inkorporert eit sett med spørsmål som skulle avdekkje dei innsette si arbeidsrøynsle. Desse spørsmåla vart utarbeidde i samarbeid med VOX, og kartla om dei innsette faktisk har vore i arbeid og kor lenge det er snakk om (Alfsen, Hanssen og Lyngvær Ramstad, 2008).

Som nemnt er det mange utlendingar frå ulike land i norske fengsel. Ideelt sett burde vi derfor ha utvikla skjema på alle aktuelle språk, men med personar frå 95 ulike land i fengsla (likevel nokre færre språk) så ville dette ha blitt altfor ressurskrevjande. Likt med dei tidlegare undersøkingane vart det berre laga ein engelsk versjon av skjemaet i tillegg til den norske.

Prosedyre

I kvart fengsel fekk ein person ansvaret for å administrere datainnsamlinga, helst leiaren for skuleavdelinga. Alle kontaktpersonane vart like før utsending av skjema oppringt av Utdanningsavdelinga, Fylkesmannen i Hordaland. På denne måten freista ein å sikre at dei same prosedyrane vart følgde i alle fengsel. Det vart ikkje sendt ordinær purring til dei einskilde som ikkje hadde svart. Fengsel som av ulike grunnar var seine med å sende tilbake utfylte spørjeskjema, fekk likevel ei påminning, og to av fengsla hadde, som nemnt, ein utvida frist i utgangspunktet. Det vart då presisert at innsette som eventuelt kom inn i fengslet etter den tiande mai, ikkje skulle vere med i undersøkinga, men berre dei som var der i den aktuelle avgrensa perioden, nemleg veke 19.

Innsette som ikkje var støe i norsk, fekk den engelske versjonen av spørjeskjemaet i tillegg som ei støtte. Utover det vart det denne gongen veklagt i endå større grad at dei som trong det, skulle få hjelp til å forstå skjemaet og fylle det ut. For å hindra dobbelrapportering, vart det då presisert at berre den eine av versionane skulle returnerast. Det var såleis inga individuell identifisering av dei einskilde skjema, men dei vart identifiserte med eit fengselsnummer. Undersøkinga er meldt til Personvernombodet for forsking, Norsk samfunnsvitskapleg datateneste AS, og er godkjent av Regional etisk komité for medisinsk og helsefagleg forsking, Region Vest.

Fråfall og kjenneteikn ved dei innsette

Svarprosenten kan reknast ut på fleire måtar: i prosent av dei som skulle ha fått skjemaet, dvs. alle; i prosent av det som faktisk fekk det, og som eit uvekta gjennomsnitt av fengsla. Samanlikna med tidlegare undersøkingar er svarprosenten, som nemnt, denne gongen noko lågare. Ei av årsakene er at eit stort fengsel, etter at skjema var utsende, fann det vanskeleg å oppfordre dei innsette til å ta del i denne undersøkinga. Grunnen var at dei nettopp hadde hatt ei anna undersøking der før vår undersøkinga kom. Dei vurderte det slik at endå ei undersøking på det tidspunktet ville forstyrre arbeidet fram mot eksamen i mai for dei som

gjekk på skule i fengslet. Dette måtte vi sjølv sagt berre akseptere, og følgjeleg er svarprosenten frå dette fengslet svært låg.

Korleis dei innsette som svarde fordeler seg når det gjeld alder, kjønn, fødeland, morsmål og fengselsregion i Noreg, finn ein i tabell II.1. Her finn ein også korleis dei fordeler seg etter fengslingsgrunnlaget. Berre ein liten del av dei som er med i undersøkinga er under forvaring (24 personar, dvs. 1,2 prosent). Nesten ein av fem (18,7 prosent) er i varetekts. Dette er litt mindre enn kva som var den faktiske situasjonen i undersøkingsveka. Då sat 24,4 prosent i varetekts, jamført med Justisdepartementet sine tal. Slik sett er innsette med dom litt overrepresenterte, også i 2009-undersøkinga. Kvinner utgjorde 6,0 prosent av fangepopulasjonen i den aktuelle veka; i undersøkinga utgjer dei 7,4 prosent. Akkurat to av tre har norsk som morsmål; 66,5 prosent sa at Noreg var fødeland. Samanheld vi dette med tal frå Justisdepartementet for den aktuelle veka, så er innsette frå utlandet noko overrepresenterte. I veke 19 var det nemleg 27,8 prosent utlendingar i norske fengsel (statsborgarskapsregistrering). Som nemnt er det denne gongen innsette med 95 ulike fødeland. Samanlikna med undersøkinga i 2006 er dette ein kraftig auke. Då vart rettnok statsborgarskap registrert, og det var då innsette med 67 ulike statsborgarskap med i undersøkinga. Innsette frå Europa og verda elles utgjere samla ein større del av dei varetektsinnsette enn innsette frå Norden og Noreg. Gjennomsnittsalderen til dei innsette er denne gongen 34,7 år (standardavvik 10,8). Dei er med andre ord litt yngre enn i 2006, då gjennomsnittsalderen var akkurat 35 år.

Tabell II.1. Fordelinga av innsette etter kjønn, aldersgrupper, oppvekstland og fengselsregion med utgangspunkt i fengslingsgrunnlag.

	Fengslingsgrunnlag			Alle N=2065*
	Dom N=1635	For- varing N=24	Vare tek N=383	
Kjønn				
Menn	93,3	83	90,3	92,6
Kvinner	6,7	17	9,7	7,4
Alder				
18 til 24 år	18,2	4	26,1	19,5
25 til 34 år	34,3	29	39,4	35,2
35 til 44 år	27,7	42	22,6	26,9
Over 44 år	19,9	25	12,0	18,4
Fødeland				
Norsk	72,0	71	45,5	67,1
Resten av Norden	1,8	4,2	1,3	1,7
Resten av Europa	9,8	8,3	28,9	13,3
Resten av verda	16,4	16,7	24,2	17,9
Morsmål				
Noreg	72,8	75	45,5	67,6
Anna land	27,2	25	54,5	32,4
Fengselsregion				
Aust	17,3	13	52,8	23,8
Nordøst	21,9	50	9,2	20,0
Sør	20,5	8	11,5	18,6
Sørvest	16,0	13	15,2	15,8
Vest	9,7	0	7,9	9,4
Nord	14,5	17	3,4	12,4

* Denne kolonnen gjeld alle i undersøkinga. Det treng ikkje vere slik at alle innsette har svart på absolutt alle spørsmål, som kjønn, fengslingsgrunnlag, alder eller statsborgarskap. Difor kan summen av N for kvart spørsmål variere noko.

Fødeland

Dei innsette fekk denne gongen ikkje spørsmål om oppvekstland eller statsborgarskap, men om fødeland og i tillegg kva dei reknar som sitt morsmål. Det vart også spurta om kva som er foreldra sitt fødeland. Dette gir grunnlag for å estimere kva tilknyting dei innsette har til Noreg, når det er aktuelt. Ein kan sjølv sagt ha norsk statsborgarskap utan å ha vakse opp i Noreg og ein treng sjølv sagt ikkje vere norsk statsborgar sjølv om ein er fødd i Noreg. I tabell II.2 ser vi på korleis fødeland fordelar seg med utgangspunkt i morsmålet til dei innsette.

Under nemninga 'resten av Europa' finn ein både Vest-Europa og Aust-Europa (jamført med den inndelinga av Europa som var vanleg fram til byrjinga av 1990-talet); under kategorien 'resten av verda' finn ein både Amerika (34 innsette), Afrika (161 innsette) og Asia (169 innsette). Tidvis i denne rapporten er regionar eller verdsdelar utanfor Europa spesifiserte.

Tabell II.2. Dei innsette sitt fødeland (gruppert i verdsdelar) og morsmål prosentuert begge vegar.

Morsmål	Noreg	Resten av Norden	Resten av Europa	Resten av verda	N =100 %
Norsk	96,1	0,6	0,8	2,6	1395
Ikkje norsk	5,1	4,2	40,4	50,4	649
Norsk	97,6	22,9	4,0	9,9	
Ikkje norsk	2,4	77,1	96,0	90,1	
N=100 %	1373	35	273	363	

Tabell II.2 viser at halvparten (50,4 prosent) av innsette som ikkje har norsk som morsmål har fødeland utanfor Europa. Kvar tjuande innsett (5,1 prosent) som ikkje har norsk som morsmål har Noreg som fødeland. Berre 2,4 prosent av dei som har Noreg som fødeland har ikkje norsk som morsmål. Nesten ein av ti (9,9 prosent) av dei som har fødeland utanom Europa har norsk som morsmål.

Om rapporten

Denne rapporten følgjer omrent same disposisjonen som dei to tidlegare rapportane om tilsvarande (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland mfl., 2006). Tabellar er organiserte likeeins, så langt det let seg gjere og så lenge det er relevant. Opplysningane som rapporten gir, er kontrollerte for omrent dei same bakgrunnsvariablane, så som føde- eller opphavslandet til den innsette, kjønn og alder. 2006-rapporten la stor vekt på å kartleggje kven som hadde rett til opplæring i fengsla, kven som eventuelt hadde brukt opp den retten ut frå det som var innhaldet i opplæringslova den gongen. Lova er no endra noko, og det blir på ny vist kor stor del av dei innsette som har rett til opplæring.

SSB har gjort endringar når det gjeld korleis dei definerer den høgaste (fullførde) utdanning som folk har. I dei tidlegare rapportane har vi gjort samanlikningar med nivået til dei innsette og nivået til heile folkesetnaden når det gjeld dette, og nyttat dei definisjonane som SSB den gongen hadde. For å gjere dette samanliknbart med den nye reknemåten til SSB, har vi retta oss etter den endra definisjonen av kva som er fullført utdanning, men vi viser også den gamle reknemåten slik at ein kan gjere samanlikningar med dei to tidlegare norske undersøkingane av innsette.

Fullført vidaregåande opplæring

Samanlikna med tidlegare undersøkingar har vi denne gongen meir spesifikk kunnskap om kva som er den høgaste utdanning som dei innsette har, kva utdanning dei ønskjer å ta i fengslet og kva endeleg utdanningsmål dei har. Grunnen er at vi denne gongen spurde kva som er dei innsette sin *høgaste fullførde* utdanning, og tilsvarende kva som er deira *høgaste* endelege utdanningsønske. Likevel oppstår det eit problem. SSB har nemleg endra den hittil særnorske definisjonen av kva som er innhaldet i dei tre nivåa av høgaste fullførde utdanning, nemleg grunnskuleopplæring, vidaregåande opplæring og høgskule- eller universitetsutdanning. Grunnen er at ein har tilpassa seg måten andre land definerer dette på, underforstått OECD sin måte. Konsekvensane er store når vi skal samanlikne med eldre tal for utdanning, men det er viktig å komme i hug at årsaka er teknisk.

I den tidlegare definisjonen av grunnskulenvået vart alle som berre hadde det som høgaste fullførde utdanning plasserte i den kategorien, nødvendigvis. I den nye definisjonen blir også dei som har fullført så lite vidaregåande opplæring at det ikkje kvalifiserer til fullført vidaregåande opplæring også plasserte på grunnskulenvået. Før var det slik at alle som hadde fullført ei eller anna form for vidaregåande opplæring vart plasserte på det nivået uansett lengda. Neste problemet er at i den nye definisjonen av fullført vidaregåande opplæring blir dette biletet endra totalt ved at ein også har ulike definisjonar for ulike tidsperiodar.

- Det som tilsvavar vidaregåande opplæring *før* lov om vidaregåande opplæring vart sett i verk på midten av 1970-talet blir no definert som vidaregåande opplæring uansett kor lang opplæringa var den gongen.
- Det som er vidaregåande opplæring frå perioden etter innføringa av vidaregåande opplæring på 70-talet, men før Reform 94, blir delt i to: dei som berre har gjennomført grunnkurs eller anna eittårig vidaregåande opplæring blir plasserte på grunnskulenvå; dei som har fullført vidaregåande kurs I eller II (VK I eller VK II) eller tilsvarande, blir plasserte på vidaregåande nivå.
- Etter innføringa av Reform 94 blir berre dei som har fullført tre- eller fireårig vidaregåande opplæring plasserte på det nivået. Dersom opplæringa er kortare, blir dei pr. definisjon plasserte på grunnskulenvået.

Ettersom vi i denne undersøkinga ikkje spurde om når dei innsette gjennomførde ei eventuell vidaregåande opplæring, må vi ta utgangspunkt i alderen deira for å estimere kva nivå fullførd opplæring dei skal ha etter den nye definisjonen. Problemet som då oppstår er at vi ikkje utan vidare kan ta for gitt at dei innsette har følgt eit såkalla normallopp når det gjeld start og gjennomføring av vidaregåande opplæring, dvs. kor gamle dei var då dei tok til på utdanninga og kva avbrot og fråfall dei eventuelt har hatt. Derfor har vi simulert ulike aldersgrenser for når dei innsette tok si vidaregåande opplæring, for å sjå om det skaper empiriske konsekvensar i materialet. Eit døme på denne simuleringa er her på sin plass, og vi brukar dei som er fødde i 1975 i dømet: Var ein fødd i 1975 og følgde eit normallopp i ungdomsskulen, kunne ein starte på vidaregåande i 1991 og såleis falle inn under definisjonen av fullført vidaregåande opplæring før Reform 94. Dersom ein ikkje

følgde eit normalløp, men starta seinare, vil ein etterkvart, avhengig av kor mykje seinare, kunne falle inn under (den strenge) definisjonen etter Reform 94, som SSB no nyttar. Dei empiriske avvika i dette materialet viser seg uansett å vere så små (sjølv med fem års forseinking) at vi har valt å bruke eit tenkt normalløp for definisjonen som dei innsette fell inn under.

I rapporten nyttar vi ofte orda *utdanning* og *opplæring* synonymt, men også med presisjonar som grunnopplæring og vidaregåande opplæring når det trengst. Utdanning er meir generelt, og blir gjerne også mest nytta når det gjeld høgskular og universitet. Vidare brukar vi enkle sitatteikn (' ') for å markere at ord og uttrykk er direkte henta frå det som er brukt i spørjeskjemaet til dei innsette. Dette gjeld nesten utan unnatak svaralternativa.

III. Kompetanse

Kompetanse kan ein skaffe seg både gjennom utdanning og praksis, dvs. arbeid. I tidlegare undersøkingar spurde vi ikkje dei innsette om det siste, men berre kva utdanning dei har hatt. Denne gongen spurde vi også om dei innsette har hatt arbeid, og kva arbeid det generelt sett var snakk om, ufaglært, faglært, arbeid som krev høgare utdanning eller eventuelt anna røysle. I tillegg kartla vi om dei har vore heime som foreldre. Vi registrerte også kor lenge dei har hatt arbeid.

Utdanningsbakgrunn

I 2009-undersøkinga spurde vi om dei innsette si utdanning på ein litt annan måte enn kva vi gjorde i dei tidlegare norske undersøkingane (2004 og 2006). Vi bad dei nemnt om krysse av for den høgaste utdanninga som dei har fullført, der vi i prinsippet avgrensa oss til tredelinga som gjeld, grunnopplæring, vidaregående opplæring (delt opp for tre år) og enkeltfag eller gradsutdanning ved høgskule eller universitet. (I 2004-undersøkinga kunne dei også gje opplysning om kva opplæring dei hadde påbyrja, eventuelt avbroke; i 2006 skulle dei krysse av for alle utdanningane eller all opplæring som dei hadde fullført.)

I tabellane III.2a og 2b samanliknar vi dei innsette si utdanning med kva som er tilsvarande utdanningsnivå hos det norske folket. Som nemnt har vi eit problem med at SSB har endra definisjonen av dei tre aktuelle nivåa, noko som då har størst konsekvens for nivå 1 (grunnskuleopplæring) og nivå 2 (vidaregående opplæring). Denne endringa er gjort greie for i slutten førre kapittel. For at leseren skal kunne få eit inntrykk av utviklinga frå 2004 og 2006 til 2009, har vi valt å visa dei nye tala både etter den nye utrekningsmåten (i tabell III.2a) og etter den gamle måten dette vart gjort på (i tabell III.2b). Aldersavvik frå normallopet i utdanning vil, teoretisk sett, kunne skape konsekvensar for kor mange som fell inn under dei tre periodiske definisjonane av kva som er høgaste fullførde utdanning (sjå diskusjonen i kapittel II). Derfor har vi simulert fleire empiriske innfallsvinklar til dette. Dvs. at vi har brukt fleire grenseverdiar for dei innsette sin alder for å sjå om ulike kombinasjonar av alder og SSB sine periodiske definisjonar har konsekvensar for kor stor del av dei innsette som flyttar seg frå nivå to til nivå ein som høgaste fullførde utdanning. Det viser seg at sjølv med fem års endring i denne grenseverdien, så endrar det svært lite på kor stor del innsette som har nivå ein eller to som høgaste fullførde utdanning i dette materialet. Vi har derfor valt (og som nemnt i førre kapittel) å bruke det som tilsvarer eit normallop når vi definerer dei innsette på denne måten. Eit argument som kjem i tillegg her er jo at sjølve kohorten innsette også endrar seg medan gjennomsnittsalderen til dei innsette har halde seg relativt stabil, og flesteparten av dei innsette fell no inn under det som er definisjonen av høgaste fullførde utdanning etter Reform 94. *Det er viktig å få fram at måten SSB (og vi) definerer "inga fullførd utdanning" på ikkje er påverka av endringane i definisjonane.*

Tabell III.1. Høgaste fullførde utdanning. Prosent innsette i 2009.

Ikkje fullført utdanning	10,0
Grunnopplæring	23,4
Fullført eit år vidaregåande opplæring	15,4
Fullført to år vidaregåande opplæring	18,6
Fullført tre eller fleire år vidaregåande opplæring	18,9
Høgare utdanning, enkeltfag	8,0
Høgare utdanning, grad	5,8
N=100 %	2010

Denne undersøkinga viser at ti prosent av dei innsette ikkje har fullført noko form for utdanning (tabell III.1). Dette talet er klart høgare enn det vi såg i undersøkingane frå 2004 (7,6 prosent) og 2006 (7,2 prosent). Når vi har alle innsette med i prosentueringsgrunnlaget, ser vi at omtrent ein av seks (15,4 prosent) har fullført eit år vidaregåande opplæring; i underkant av kvar femte (18,6 prosent) to år, og omtrent like stor del (18,9 prosent) tre år vidaregåande opplæring. Knapt kvar tolvti innsett (8,0 prosent) har enkeltfag frå høgskule eller universitet, 5,8 prosent har gradsutdanning.

Korleis ser så utdanningsnivået til dei innsette i 2009 ut samanlikna med det som gjaldt i 2004 og i 2006, i tillegg til å samanlikne dette med heile den norske populasjonen? Dette gjer vi no på to måtar. For å kunne samanlikne med dei to tidlegare undersøkingane har vi i tabell III.2b brukt den nivådefinisjonen som då vart brukt. I tabell III.2a har vi derimot nytta den nye definisjonen, men då berre brukt tal for 2009 når det gjeld dei innsette. Vidare gjer vi som SSB. *Vi prosentuerer i både tabell III.2a og 2b berre ut frå dei som har fullført utdanning.* Det vil seie at dei utan grunnskuleopplæring eller tilsvarende ikkje er medrekna i prosentueringsgrunnlaget her. (SSB held dei som er yngre enn 16 år utanfor prosentueringsbasisen sin; i undersøkinga vår er det berre innsette over 18 år som er med. Denne skilnaden i basis har her svært lite å seie.)

Tabell III.2a. Høgaste fullførde utdanning etter ny utrekningsmåte i Noreg totalt, frå 1970 til 2007 (kjelde: Statistisk sentralbyrå, 2009), og blant innsette i norske fengsel i 2009. Prosent.

	Innbyggjarane i Noreg						Innsette 2009
	1970	1980	1990	2000	2004	2007	
N=100 %	2852636	3073132	3310283	3480022	3642888	3647395	1 809*
Grunnoppl.	53,2	48,9	41,6	34,0	31,9	30,9	56,1
Vgo	39,4	39,9	42,9	44,3	44,0	43,1	28,6
Høgare utd.	7,4	11,2	15,4	21,7	24,0	26,9	15,3

* Dei som ikkje har fullført utdanning er halde utanfor både i SSB sin prosentueringsbasis og i vår undersøking.

Tabell III.2b. Høgaste fullførde utdanning etter *gammal utrekningsmåte* i Noreg totalt, frå 1970 til 2004 (kjelde: Statistisk sentralbyrå, 2005b), og blant innsette i norske fengsel i 2004, 2006 og 2009. Prosent.

	Innbyggjarane i Noreg					Innsette		
	1970	1980	1990	2000	2004	2004	2006	2009
N=100 %	2852636	3073132	3310283	3480022	3642888	1 788*	2 092*	1 809*
Grunnoppl.	53,6	44,5	33,6	22,0	19,5	44,7	38,0	26,0
Vgo	39,2	44,4	51,3	56,3	56,5	43,4	48,1	58,7
Høgare utd.	7,3	11,2	15,2	21,9	24,0	11,9	13,9	15,3

* Dei som ikkje har fullført utdanning er halde utanfor både i SSB sin prosentueringsbasis og i våre undersøkingar.

Vi ser klart at den nye definisjonen av kva som er fullført utdanning eller opplæring har konsekvensar. Dette ser ein ved å samanlikne tala i tabellane III.2a og 2b. La oss ta 2004 som døme: Etter gammal SSB-definisjon var det då 56,5 prosent av det norske folk (16 år og over) som hadde vidaregåande opplæring som høgaste fullførde; etter den nye definisjonen er det "berre" 44,0 prosent som har det, og det er grunnskulenivået som har auka tilsvarende etter den nye definisjonen. Dei innsette sitt utdanningsnivå er etter den nye definisjonen klart lågare enn folket i Noreg. I overkant av ein av fire innsette (28,6 prosent) har vidaregåande opplæring som høgaste fullførde utdanning i 2009; tilsvarende tal for SSB sine siste opplysningar når det gjeld det norske folk (2007) er 43,1 prosent (SSB, 2009).

Igjen understrekar vi at det er den relativt "strenge" definisjonen for kva som er fullførd vidaregåande opplæring som skaper denne skilnaden. Det er eit par moment som må trekke fram her. Det eine er det faktum at når det gjeld fullført vidaregåande opplæring definert på denne måten, så er dei innsette därlegare stilt enn folket i Noreg før 1970. Det andre er at når det gjeld utdanning frå høgskule og universitet så er dei innsette i 2009 på nivå med folket i 1990. Dette viser at den nye definisjonen av kva som er fullført vidaregåande opplæring truleg råkar innsette i større grad enn andre med den opplæringa. Grunnen er at innsette oftare enn andre (folket elles) berre har fullført eitt eller to år med slik opplæring. Brukar vi derimot tala i tabell III.2b og den gamle definisjon av kva som er høgaste fullførde utdanning, ser vi at prosentdelen innsette som har vidaregåande opplæring, har auka med ti prosentpoeng frå 2006 (48,1 prosent) til 2009 (58,7 prosent), og tilsvarende har prosentdelen innsette som berre har grunnopplæring minka (frå 38,0 til 26,0 prosent). Denne endringa kjem delvis av at innsette er i gang med vidaregåande opplæring, og har gjennomført eit eller to år. Det er likevel ikkje nok til å falle inn under den nye definisjonen av kva som er fullført vidaregåande opplæring. Denne endringa kjem også av ei strukturell endring som har gått føre seg i dei norske fengsla. Det eine er at utdanningstilbodet i fengsla er blitt utvida. Det viktigaste er likevel at alle fengsla no tilbyr skulegang, noko som ikkje var tilfelle tidlegare. Det er også viktig å leggje merke til at nesten kvar sjette innsett i 2009 har høgare utdanning (15,3 prosent i 2009); dette er ein kraftig auke frå 2004. (Høgare utdanning er her kategorisert som både enkeltfag og gradsutdanning ved universitet eller høgskule.)

Tabell III.3. Innsette si høgaste fullførde utdanning etter geografisk inndeling basert på fødelandsopplysninga (N=100 %).

	Noreg N=1352	Resten av Norden N=35	Resten av Europa N=265	Afrika N=152	Asia N=163	Amerika N=33
Ikkje fullført	8,1	2,9	8,3	24,3	16,0	9,1
Grunnskule	23,2	34,3	21,9	20,4	30,7	18,2
1 år vgo	18,1	14,3	7,5	9,9	11,0	12,1
2 år vgo	21,2	17,1	15,1	12,5	11,0	12,1
3 år el meir vgo	18,1	17,1	26,8	13,8	17,8	12,1
Høgare utd.*	5,9	5,7	15,1	12,5	9,2	12,1
Høgare utd.**	5,5	8,6	5,3	6,6	4,3	24,2

* enkeltfag ved universitet og høgskule; ** gradsutdanning ved universitet eller høgskule.

Skil dei innsette i norske fengsel seg i utdanningsbakgrunn når vi delar dei inn etter kva som er deira fødeland? Tabell III.3 viser at ein del skilnader gjer seg gjeldande i så måte, der vi har kategorisert dei innsette etter verdsdel. Det kjem her relativt klart fram at innsette fra Afrika og Asia har den største delen som ikkje har fullført noko form for utdanning. Særleg gjeld dette innsette fra Afrika der nesten ein av fire (24,3 prosent) er utan utdanning. Blant innsette med fødeland i Asia finn vi den høgaste delen som berre har grunnskule som høgaste utdanning (30,7 prosent). Det er likevel interessant å merke seg at prosentdelen innsette med høgare utdanning (enkeltfag eller grad) er lågast blant innsette som har Noreg som fødeland. Vidare er det innsette fra Europa utanom Norden som utgjer den største delen som har fullført tre år vidaregåande opplæring eller tilsvarande (26,8 prosent).

Tabell III.4. Innsette si høgaste fullførde utdanning etter aldersgrupper (N=100 %).

	18 til 24 år N=380	25 til 34 år N=695	35 til 44 år N=529	Over 44 år N=360
Ikkje fullført utdanning	12,6	8,6	8,7	9,4
Grunnskule	25,5	23,2	23,8	22,2
1 år vgo	20,3	14,4	14,9	13,1
2 år vgo	28,2	22,3	14,0	9,7
3 år el meir vgo	10,5	20,4	20,6	21,1
Høgare utd., enkeltfag	1,6	7,6	10,2	11,9
Høgare utd., gradsutdanning	1,3	3,5	7,8	12,5

Alderen til dei innsette heng saman med kor mykje utdanning dei har fullført. Ein av åtte i den yngste aldersgruppa har ikkje fullført noko som helst utdanning (tabell III.4). Ein dobbel så stor del av dei over 24 år har fullført tre år vidaregåande opplæring samanlikna med dei som er i den yngste gruppa (dvs. det som er kravet for at denne utdanninga skal kunne definerast på det nivået etter den nye definisjons- og kategoriseringsmåten til SSB). Prosentdelen som berre har grunnopplæring som høgaste fullførde utdanning er relativt lik i dei fire aldersgruppene som her er brukt. Å ha fullført høgare utdanning er noko som i størst grad gjeld dei eldste, naturleg nok.

Tabell III.5. Innsette si høgaste fullførde utdanning etter kjønn (N=100%).

	Kvinner	Menn
	N=148	N=1862
Ikkje fullført utdanning	9,5	10,0
Grunnskule	20,3	23,7
1 år vgo	16,2	15,3
2 år vgo	18,9	18,6
3 år el meir vgo	22,3	18,6
Høgare utd., enkeltfag	4,7	8,2
Høgare utd., gradsutdanning	8,1	5,6

Det er lite som skil kvinner og menn i fengsel når det gjeld utdanningsnivået dei har (tabell III.5). Ein litt større del kvinner enn menn har fullført tre år med vidaregåande opplæring (22,3 mot 18,6 prosent). Kvar tolvte kvinne i fengsel har fullført gradsutdanning ved universitet eller høgskule (8,1 prosent). Dette er noko meir enn mannleg innsette (5,6 prosent).

Arbeidslivsrøynsle

Til skilnad frå dei to andre norske undersøkingane om innsette sin utdanningsbakgrunn, valte vi denne gongen også å spørje kva arbeidslivsrøynsle dei har for på den måten å få eit betre innsyn i deira sin realkompetanse. Slik røynsle kan nemleg vere tredelt. Arbeidslivsrøynsla kan vere ein konsekvens av utdanning og opplæring som ein har tatt, det kan vere ein supplement til opplæring eller utdanning, og det kan vere eit substitutt for tradisjonell skulegang eller utdanning.

Dei innsette vart spurde om dei hadde hatt arbeid, underforstått ein eller annan gong. Med andre ord spurde vi ikkje om dei hadde arbeid på tidspunktet då dei vart innsette. Vi bad dei innsette også opplyse om kor lenge dei hadde hatt dei ulike typane arbeid, om dei hadde hatt det.

Det viser seg at omrent kvar niande innsett (11,2 prosent, tabell III.6) ikkje har hatt arbeid. Størsteparten av dei som har hatt arbeid har hatt ufaglært arbeid. Variasjonen i kor lenge ein har hatt arbeid er stor (standardavviket). Innsette som har hatt arbeid som krev høgare utdanning har vore lengst tid i arbeid i gjennomsnitt (nesten ti år). Her er også variasjonen størst.

Tabell III.6. Prosent innsette med ulike typar arbeidsrøynsle. Gjennomsnittleg tal månader (og standardavvik) med slik røynsle *for dei som har hatt det*.

	Ikkje hatt arbeid	Ufag- lært arbeid	Fag- lært arbeid	Arb. som krev høg utdanning	Sjølv- stendig nærings- drivande	Heime som foreldre
Prosent	11,2	59,2	33,8	7,5	21,3	5,7
Må- na- der	Gjennomsnitt	-	78,1	97,4	118,8	94,3
	Standardavvik	-	83,4	92,6	105,7	95,6
						62,3

Korleis dette fordeler seg når det gjeld den innsette sitt fødeland, ser vi nærmare på i tabell III.7, der vi har delt fødeland inn etter verdsdel. Størst del som ikkje har hatt arbeid finn vi hos innsette med bakgrunn frå Afrika; det gjeld meir enn kvar fjerde (26,7 prosent). Ut over det er det store variasjonar i kor stor del som har røynsle frå dei områda som vi har dekt i spørjeskjemaet og ikkje minst er det variasjon i kor lenge ein har hatt arbeid, her framstilt i gjennomsnittleg tal månader. Blant innsette frå Noreg som har hatt arbeid, finn ein den største delen som har hatt ufaglært arbeid (62,7 prosent); blant innsette frå Norden elles som har hatt arbeid, finn ein den største delen som har hatt faglært arbeid (51,5 prosent). Dei ulike kategoriane arbeid utelukkar sjølv sagt ikkje einannan; ein kan ha hatt kombinasjonar av typar arbeid. Det er også verdt å merke seg at kvar åttande innsett frå Norden utanom Noreg har vore heime som foreldre, dvs at dei har den høgaste prosentdelen der, men dei har vore det kortast tid av alle (19,8 månader).

Tabell III.7. Prosent innsette med ulike typar arbeidsrøynsle etter geografisk inndeling basert på fødelandsopplysninga. Gjennomsnittleg tal månader med slik røynsle *for dei som har hatt det*.

	Noreg	Resten av Norden	Resten av Europa	Afrika	Asia	Ame- rika
Prosent som ikkje har hatt arbeid	9,0	5,7	11,4	26,7	14,2	8,8
Prosent med ufaglært arbeid	62,7	57,6	43,4	55,9	61,4	45,2
Månader med ufaglært arbeid	81,1	80,0	74,5	59,3	71,7	68,3
Prosent med faglært arbeid	36,7	51,5	32,6	22,9	17,9	35,5
Månader med faglært arbeid	98,4	117,9	105,1	56,5	68,5	150,2
Prosent med arb. som krev høg utdanning	8,3	18,2	3,3	5,1	7,6	9,7
Månader arb. som krev høg utdanning	129,6	68,8	98,8	22,8	100,1	136,0
Prosent sjølvst. nær.drivande	21,5	33,3	24,4	14,4	17,2	22,6
Månader sjølvst. nær.drivande	97,1	79,6	95,0	96,0	58,0	102,3
Prosent heime som foreldre	6,3	12,1	5,0	3,4	2,1	3,2
Månader som foreldre	59,3	19,8	97,6	64,5	88,0	240,0

Vi går vidare og ser korleis arbeidsrøynsla fordeler seg etter alder. Der finn vi naturleg nok svært store, men også systematiske variasjonar (tabell III.8). Dess eldre den innsette er, dess større er sjansen for at vedkommande har hatt arbeid. Berre 4,1 prosent av dei over 44 år seier at dei ikkje har hatt arbeid. Nesten utan unntak er det slik at ein større del av dei eldre innsette har arbeidsrøynsle på dei einskilde spesifiserte områda som her er tatt opp, og den har vart lengre enn hos dei yngre.

Tabell III.8. Prosent innsette med ulike typar arbeidsrøynsle etter aldersgrupper. Gjennomsnittleg tal månader med slik røynsle *for dei som har hatt det*.

	18 til 24 år	25 til 34 år	35 til 44 år	Over 44 år
Prosent som <i>ikkje</i> har hatt arbeid	18,0	13,1	8,0	4,1
Prosent med ufaglært arbeid	70,2	62,6	57,3	48,9
Månader med ufaglært arbeid	30,9	53,8	97,0	158,8
Prosent med faglært arbeid	25,7	32,8	38,7	37,2
Månader med faglært arbeid	33,3	66,0	100,5	178,9
Prosent med arb. som krev høg utd.	1,6	3,9	9,1	17,3
Månader arb. som krev høg utd.	12,8	48,3	88,0	174,9
Prosent sjølvstendig næringsdr.	7,8	18,6	25,0	32,7
Månader sjølvstendig næringsdr.	34,0	51,7	79,6	158,5
Prosent heime som foreldre	2,8	4,1	7,1	8,8
Månader som foreldre	42,9	45,5	66,3	86,9

Blant dei yngste som har hatt arbeid finn ein den klart største delen som har hatt ufaglært arbeid (70,2 prosent) mot under halvparten (48,9 prosent) blant dei eldste.

Tabell III.9. Prosent innsette med ulike typar arbeidsrøynsle etter kjønn. Gjennomsnittleg tal månader med slik røynsle *for dei som har hatt det*.

	Kvinner	Menn
Prosent som <i>ikkje</i> har hatt arbeid	13,1	11,0
Prosent med ufaglært arbeid	57,1	59,3
Månader med ufaglært arbeid	88,5	77,3
Prosent med faglært arbeid	25,6	34,5
Månader med faglært arbeid	72,0	99,0
Prosent med arb. som krev høg. utd.	9,0	7,4
Månader arb. som krev høg. utd.	102,1	120,3
Prosent sjølvstendig næringsdrivande	12,8	22,0
Månader sjølvstendig næringsdr.	52,0	96,5
Prosent heime som foreldre	32,3	3,6
Månader som foreldre	72,2	58,5

Det er ein viss kjønnsskilnad (tabell III.9), når det gjeld prosentdelen som har vore sjølvstendig næringsdrivande (12,8 prosent av kvinnene og 22,0 prosent av mennene), og som har hatt faglært arbeid (25,6 mot 34,5 prosent). Prosentdelen som har vore heime som foreldre er klart ulik (32,3 prosent av kvinnene og 3,6 prosent av mennene). Når det gjeld dei som har vore heime som foreldre, så er likevel skilnaden på tal månader ikkje statistisk signifikant (mannleg innsette har vore heime i 58,5 månader mot kvinnelege innsette sitt gjennomsnitt på 72,2 månader).

IV. Utdanningsaktivitet i fengslet

Alle fengsla i Noreg tilbyr no opplæring til dei innsette. Tilboden i fengsla varierer, og ein del av variasjonen i dei innsette si deltagning kan blant anna forklaast ut frå tilboden som den enkelte får, men også kva som er deira eiga vurdering av relevans, interesse og kompetanse. Dette heng då sjølvsagt i hop med kva utdanning eller opplæring dei allereie har. Før vi ser nærmare på korleis utdanningsaktiviteten i fengsla heng saman med tidlegare skulegang og andre forhold, skal vi i tabell IV.1 sjå kor stor del som held på med dei ulike utdanningsnivåa som blir gitt.

Tabell IV.1. Utdanningsaktivitet i fengslet. Prosent innsette i 2009 (N=1994=100 %).

Tar inga utdanning i fengslet	54,4
Grunnskuleopplæring	3,1
Vidaregåande opplæring, 1. år	9,8
Vidaregåande opplæring, 2. år	3,2
Vidaregåande opplæring, 3. år	4,7
Utdanning på universitet eller høgskule	4,2
Anna (t.d. språkkurs, datakurs, brevkurs)	20,6

I 2006-undersøkinga var det 66,9 prosent av dei innsette som opplyste at dei ikkje tok noko form for utdanning eller opplæring medan dei sat inne. Dette talet er no redusert til 54,4 prosent (tabell IV.1). Ein del av denne endringa må tilskrivast det faktum at det no blir gitt opplæringstilbod i alle fengsel og at det blir gitt fleire utdanningstilbod. Meir enn kvar femte innsett held på det som vi her har definert som "anna utdanning". Det vil seie utdanning som ikkje utan vidare fell inn under det autoriserte tre-nivåsystemet. Det kan likevel tenkast at ein innsett kan halde på med sjølvstudium gjennom brevkurs i fag som t.d. ligg på nivå med vidaregåande opplæring eller som kan bli godkjent som det. Nesten ein av ti innsette held på med første år vidaregåande (9,8 prosent); totalt var det 17,7 prosent av dei innsette som i mai 2009 heldt på med vidaregåande opplæring.

Eit normallopp for dei innsette sin utdanningsaktivitet i fengslet er anten å gjere ferdig det dei ikkje har fullført eller å halde fram på eit nivå over det som dei allereie har. I tillegg finst det ein del som tar opp att fag eller delar av utdanningane sine. Dette kan vere fordi dei har stroke i enkeltfag eller dei vil forbetre seg. Det finst også innsette som tar utdanning på det som vi her kallar "ikkje-kvalifisert" nivå. Det inneber at ein innsett ikkje har fullført t.d. grunnskulen, men tar likevel fag på vidaregåande, eller den innsette har ikkje fullført vidaregåande, men tar likevel fag på høgskule.

Forklaringane er fleire. Frå autorativt hold har vi fått opplyst at det finst tilfelle der innsette som ikkje har fullført grunnskulen finn det for elementært å ta til att på det nivået og blir gitt plass i vidaregåande i fag som dei meiner eller har vist at dei vil kunne ta del i. Ei anna forklaring kan vere at innsette (i godt vaksen alder) rett og slett synest at det blir for "barnsleg" å ta til att med grunnskulefaga. Dei

kan få innføringskurs for å oppdatere seg slik at dei kan ta til på vidaregåande opplæring. Desse kursa blir av dei innsette markert for å vere på vidaregåande nivå i spørjeskjema. Korleis ser så utdanningsaktiviteten til dei innsette ut med utgangspunkt i kva dei allereie har fullført? Dette ser vi nærmere på i tabell IV.2.

Tabell IV.2. Utdanningsnivået som dei innsette tar i fengsel etter kva nivå dei allereie har fullført.

Utdanninga (nivået) som dei innsette har fullført							
Tar:	Har inga utdanning	Grunn-oppl.	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Enkelt-fag*	Grads-utd.*
Ikkje utd. i fengsel	58,0	59,6	56,9	52,6	52,0	44,9	49,6
Same nivå som fullført el. nivået under	-	5,5	16,9	17,2	17,5	7,6	4,4
Nivået over fullført	7,8	15,3	4,7	9,7	4,0	23,4	18,3
"Ikkje-kvalifisert" nivå	13,0	4,0	4,0	1,3	-		
Anna utdanning	21,2	15,5	17,5	19,1	26,4	24,1	27,0
N=100 %	193	451	297	371	371	158	115

* høgskule eller universitet.

Den lågaste prosentdelen innsette som ikkje held på med utdanning i fengsel finn ein blant dei som allereie har det høgaste utdanningsnivået, dvs. høgskule- eller universitetsutdanning. Med andre ord kan det virke som at utdanningsaktiviteten i fengslet verkar kumulativ: dei som har får eller tar også meir. Største prosentdelen som tar det vi har kalla for "ikkje-kvalifiserte" nivå finn ein blant innsette som ikkje har fullført noko form for utdanning (13,0 prosent). Omrent kvar sjette innsett (15,3 prosent) med fullført grunnopplæring går på første året vidaregående. Uansett kva utdanningsnivå dei innsette har fullført, så er det mellom ein av seks og meir enn ein av fire som held på med uspesifisert anna utdanning i fengslet. Korleis ser så utdanningsaktiviteten i fengslet ut når vi delar dei innsette inn etter verdsdel, basert på fødelandsopplysninga (tabell IV.3)?

Ein av ni innsette frå Afrika held på med grunnopplæring i fengslet. Dette er den klart største gruppa som gjere det (11,0 prosent). Denne geografiske inndelinga viser liten skilnad mellom gruppene når de gjeld deltaking utover grunnskuleopplæringa. Der er likevel ein klar skilnad mellom dei innsette om dei held på med det som vi her kallar "anna utdanning" i fengslet.

Tabell IV.3. Innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter geografisk inndeling basert på fødelandsopplysninga (N=100 %).

	Noreg N=1352	Resten av Norden N=35	Resten av Europa N=265	Afrika N=152	Asia N=163	Ame- rika N=33
Inga utdanning	58,9	62,9	43,3	46,1	42,1	55,9
Grunnskule	1,9	2,9	3,8	11,0	4,3	2,9
Vgo 1. år	9,2	14,3	10,0	11,0	12,8	8,8
Vgo 2. år	3,4	2,9	1,1	3,2	5,5	0
Vgo 3. år	5,2	2,9	5,0	3,2	3,0	0
Univ./ høgskule	4,1	2,9	4,2	2,6	6,1	8,8
Anna (kurs e.l.)	17,4	11,4	32,6	22,7	26,2	23,5

I tabell IV.4 ser vi korleis utdanningsaktiviteten i fengslet fordeler seg når vi kategoriserer dei innsette etter alder. Innsette i aldersgruppa 25 til 34 år er dei som i størst grad tek del i opplærings- og utdanningsaktiviteten.

Tabell IV.4. Innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter aldersgrupper (N=100 %).

	18 til 24 år N=380	25 til 34 år N=695	35 til 44 år N=529	Over 44 år N=360
Inga utdanning i fengslet	55,8	50,6	55,1	58,3
Grunnskule	3,8	3,1	2,7	2,8
Vgo 1. år	13,2	11,3	9,1	5,0
Vgo 2. år	4,0	3,3	3,5	2,0
Vgo 3. år	3,5	7,1	3,9	2,5
Univ./ høgskule	1,1	3,6	6,9	5,0
Anna (kurs e.l.)	18,6	20,9	18,9	24,4

Nesten kvar fjerde (24,4 prosent) innsett blant dei eldste held på med kurs som ikkje fell inn under tre-nivåsystemet. I dei to eldste gruppene finn ein den største delen som held på med universitet- eller høgskuleutdanning (6,9 og 5,0 prosent). Dei to yngste aldersgruppene held i størst grad på med første år vidaregåande opplæring.

Skilnadene mellom menn og kvinner er små når det gjeld utdanningsaktiviteten i fengslet (tabell IV.5), men det er ein litt større del kvinner som held på med kurs (26,2 mot 20,1). Prosentdelen kvinner som ikkje held på med utdanning er litt mindre enn hos menn (51,0 mot 54,7 prosent).

Tabell IV.5. Innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter kjønn (N=100 %).

	Kvinner	Menn
	N=148	N=1863
Inga utdanning i fengsel	51,0	54,7
Grunnskule	3,4	3,1
Vgo 1. år	10,1	9,8
Vgo 2. år	0,7	3,4
Vgo 3. år	5,4	4,7
Universitet eller høgskule	3,4	4,2
Anna (kurs e.l.)	26,2	20,1

Har det så noko å seie for utdanningsaktiviteten i fengslet kva fengslingsgrunnlag dei innsette har? Tabell IV.6 viser at det har det. Rett nok utgjer innsette i forvaring ei svært lita gruppe, men vi ser at her er det ein av fire som held på med vidaregåande opplæring første år, og det er få som ikkje held på med utdanning i fengslet i denne gruppa (12,5 prosent) samanlikna med dei to andre gruppene. Blant innsette i varetekts er det derimot 61,0 prosent som ikkje tar utdanning i fengslet. Tendensen elles er at innsette med dom tek utdanning på eit høgare nivå enn innsette i varetekts.

Tabell IV.6. Innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter fengslingsgrunnlag. (N=100 %).

	Dom	Forvaring	Varetekts
	N=1584	N=24	N=367
Inga utdanning i fengslet	53,5	12,5	61,0
Grunnskule	2,8	4,2	4,6
Vgo 1. år	10,4	25,0	6,5
Vgo 2. år	3,3	4,2	2,5
Vgo 3. år	5,2	8,3	2,7
Univ./ høgskule	4,7	12,5	1,1
Anna (kurs e.l.)	20,1	33,3	21,5

Dei store skilnadene blant dei innsette kjem likevel klarast fram når vi ser på kva domslengda har å seie for opplæringsaktiviteten i fengslet (tabell IV.7, der innsette i varetekts er haldne utanfor). Medan nesten tre av fire (71,8 prosent) av dei med dom under tre månader ikkje deltar i utdanning eller opplæring, er det knapt ein av fire (23,4 prosent) av dei med dom over fem år som lar det vere. Grunnskuleopplæring og anna kursdeltaking er omtrent likt fordelt over dei fire domslengdene, men utover det er det ein klar systematikk i at dess lengre dom dei innsette har, dess større del av dei innsette held på med utdanning i fengslet. Dette samsvarer også med tidlegare funn (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland mfl., 2006).

Tabell IV.7. Innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter lengda på dommen (utan innsette i varetekts) (N=100 %).

	Under 3 mnd	3-12 mnd	1-5 år	Meir enn 5 år
	N=362	N=437	N=532	N=244
Inga utdanning i fengslet	71,8	58,6	48,5	23,4
Grunnskule	1,9	2,3	3,4	2,9
Vid. g. 1	3,0	10,1	12,6	18,9
Vid. g. 2	1,4	2,3	4,3	6,6
Vid. g. 3	1,1	3,2	7,5	10,2
Univ./ høgskule	0,6	1,1	5,5	16,8
Anna (kurs e.l.)	20,2	22,4	18,2	21,3

Rett til opplæring

I 2006-undersøkinga var det sentralt å avdekkje kor stor del innsette som hadde rett til opplæring (Eikeland mfl., 2006). Opplæringslova var då formulert slik at retten til vidaregåande opplæring var definert av når ein var fødd, noko som i praksis medførde at i den studien oppstod det fire "rettsgrupper". Opplæringslova er endra noko sidan den tid, og rett til opplæring fell no grovt sett inn i to grupper: dei som tar ut den ordinære retten innan det året dei fyller 24 år, og dei som er eldre enn det og som kan få rett til opplæring dersom dei søker om det. I tillegg kjem det ein del rettsmoment knytt til dei som treng ekstra tid, t.d. spesialundervising. Vidare kan dei som har hatt avbrot søkje om framhald av retten. Vaksne som er eldre enn aldersgrensa for når retten til opplæring normalt skal takast ut, kan i følgje § 4A-3 i opplæringslova søkje om rett til vidaregående opplæring. Året 1985 skil denne gongen kva "rettsgruppe" dei innsette fell i.

Tabell IV.8 viser at 41,7 prosent av innsette fødde før 1985 ikkje tar vidaregåande opplæring i fengslet, men dei kan få slik rett om dei søker om det (underforstått, dersom andre føresetnader er tilstades). Vi ser vidare at 16,1 prosent (7,2 pluss 8,9 prosent) av desse er under vidaregåande opplæring i fengslet. Av dei som er fødde i 1985 eller seinare er det heile 58,2 prosent som ikkje er under vidaregåande opplæring i fengslet, men som har (eller kan ha) rett til slik opplæring, jf. § 3-1. Den modale reservasjonen "kan" som her er tatt, knyter seg til at nokon av desse innsette kan ha mista retten sin ved at dei ikkje har fullført opplæring på den tida som er "normert" (dvs. samanhengande fem eller seks år), jf. § 3-1. Det kan vi ikkje seie noko nærrare om her.

Dei som ikkje har gjennomført grunnopplæringa vil kunne få rett til vidaregåande opplæring når den er fullført.

Tabell IV.8. Prosent innsette med og utan rett til vidaregående opplæring (vgo) etter når dei var fødde, og delt opp for opplæringssituasjonen i fengslet.

Fødd når:	Har inga fullført opp-læring, tar ingenting i fengslet	Har inga fullført opp-læring, tar grunn-opp-læring i fengslet	Har rett til vgo og...			Har ikkje rett til vgo pga fullført vgo	N= 100 %
			... tar vgo over nivået dei har	... tar vgo på same nivå dei har eller lågare	... tar ikkje vgo		
I 1985 el seinare	10,1	2,2	8,7	10,6	58,2	10,3	368
Før 1985	6,9	1,9	7,2	8,9	41,7*	33,4	1545

"Ingenting i fengslet" inneber at dei ikkje tar del i grunn- eller vidaregåande opplæring.

* Desse har rett til vgo under føresetnad av at dei søker om og får slik godkjenning, jf. opplæringslova, § 4A-3.

På grunnlag av undersøkinga av innsette i 2006 vart det då estimert at totalt 850 av alle som sat i norske fengsel på undersøkingstidspunktet og som hadde rett til vidaregåande opplæring i fengslet, ikkje tok det eller fekk det. I tillegg vart det på same grunnlaget estimert at 230 innsette ikkje hadde fullført grunnskuleopplæringa. Desse ville kunne fått rett til vidaregåande opplæring om dei fullførte grunnskuleopplæringa. Med andre ord var det ein stor del innsette som av ulike grunnar ikkje utnytta eller fekk utnytta og brukte den retten dei hadde til opplæring i 2006. Vi har gjort ei tilsvarende estimatutrekning for heile populasjonen innsette på undersøkingstidspunktet i mai i 2009 (dvs. 3 359 innsette). Basert på prosenttala i tabell IV.8 estimerer vi at 1 128 innsette (som er fødde før 1985), ikkje tok eller hadde fullført vidaregåande opplæring. Desse vil kunne få slik rett om dei søker og elles oppfyller krava. I tillegg kjem det 187 innsette (estimert) i same fødselskohorten som ikkje har fullført grunnopplæringa, og som vil kunne søke om same retten til vidaregåande opplæring når det er gjort. Av innsette i 2009-undersøkinga som er fødde i 1985 eller seinare var det 58,2 prosent som ikkje heldt på med eller ikkje hadde fullført vidaregåande opplæring, men dei har rett til det. Når vi brukar dette prosenttalet for å estimere blant desse i heile fangepopulasjonen på undersøkingstidspunktet, er talet innsette med rett til vidaregåande opplæring i den aldersgruppa 381. I tillegg er det estimert at 66 innsette som ikkje har grunnopplæring kjem i tillegg når den er tatt. Totalt sett var det såleis på undersøkingstidspunktet i mai litt under halvparten av alle innsette (1 509 av 3 359) som hadde rett til vidaregåande opplæring utan å få slik opplæring. I tillegg kjem dei som får eller kan få rett når grunnopplæringa er fullført.

Oppleving av utdanninga i fengslet

Korleis opplever så dei innsette som held på med utdanning i fengslet dette? Vi la i spørjeskjemaet ikkje opp til ei detaljert evaluering av undervisinga, men valte å finne fram til fire spørsmål som kunne dekkje det som var interessant å få vite: kva dei meinte om undervisinga, kva dei meinte om det som vart tilbydd av opplæring, og om dei ønskjer meir eller mindre av yrkesopplæring og teorifag.

Tabell IV.9. Innsette si oppleving av utdanninga i fengslet etter kva utdanningsaktivitet dei held på med.

	Grunn-oppl.	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Univ./høg-skule	Anna
Nøgd med undervisinga						
Heilt samd	40,4	55,4	50,0	55,1	29,6	47,0
Heilt usamd	2,1	2,8	1,8	5,6	22,5	10,0
Tilbydd utd. passar meg						
Heilt samd	37,5	48,9	40,7	39,8	36,1	38,8
Heilt usamd	2,5	4,0	5,6	4,8	27,8	14,1
Ønskjer meir yrkesopplæring						
Heilt samd	65,9	52,4	56,0	40,0	38,7	55,1
Heilt usamd	7,3	7,2	6,0	17,3	27,4	12,1
Ønskjer fleire teorifag						
Heilt samd	50,0	38,4	30,8	38,0	61,5	37,3
Heilt usamd	13,9	15,2	9,6	8,9	9,2	16,4

Dei innsette kunne gje sine synspunkt på dette på ein fempunktsskala frå 'heilt usamd' til 'heilt samd'. Vi samanheld no desse utsegnene med den utdanninga dei innsette heldt på med i fengslet. For at tabellane ikkje skal bli unødig kompliserte, har vi i tabell IV.9 valt å presentere berre prosentdelen som uttrykte ekstremverdiane, dvs. 'heilt usamd' eller 'heilt samd'. Grunnen til at vi gjer det slik er at mønsteret jamnt over er nokså klart. Dess høgare nivå dei innsette tok utdanning på i fengslet, dess mindre nøgde var dei med undervisinga - og omvendt: dei som heldt på med det lågaste utdanningsnivået var mest nøgde. Innsette som heldt på med universitet- eller høgskuleutdanning i fengslet var minst nøgde med tilbodet som var gitt dei. Derimot skil ikkje utdanningsaktivitetsnivået i særleg grad mellom dei som var heilt samde i at tilbodet passar dei innsette. Vidare kjem det relativt klart fram at ønsket om meir yrkesretta opplæring er knytt til nivået på utdanninga ein held på med. Dess lågare nivå, dess meir yrkesretta opplæring ønskjer ein; dess høgare nivået er, dess mindre prosentdel gjev uttrykk for at dei er heilt samde i det. Same resonnement er likevel ikkje like klart til stades når det gjeld ønske om fleire teorifag.

V. Utdanningsønske

Dei innsette fekk høve til å gjere greie for kva utdanningsønske dei har, både i fengslet og kva som er deira endelege ønske. Vi såg i førre kapittel at opplæringsaktiviteten i fengslet heng saman med kor lang dom dei innsette har, men også med domsgrunnlaget. Derfor er det truleg at også utdanningsønska kan henge saman med kva som er fengslingsgrunnlaget til dei innsette og kor lang dom dei har. Ein spesielt usikker situasjon har nemleg dei som sit i varetekt. Vi ser i dette kapitlet både på utdanningsønske i fengslet og kva som er dei innsette sine endelege utdanningsønske.

I fengslet

I overkant av ein av fire innsette (28,6 prosent) ønskjer ikkje utdanning i fengslet (tabell V.1). Som vi skal sjå litt seinare så treng det ikkje innebere at dei ikkje har ønske om utdanning eller opplæring i seg sjølv.

Tabell V.1. Prosent innsette med utdanningsønske *i fengslet* etter domsgrunnlag (N=100 %).

	Dom N=1562	Forvaring N=24	Varetekts N=359	Totalt N=1945
Ønskjer ikkje utd. i fengslet	30,5	8,3	21,4	28,6
Grunnskule- opplæring	2,9	4,2	4,7	3,3
Vgo 1. år	12,4	16,7	15,6	13,1
Vgo 2. år	6,0	12,5	4,7	5,9
Vgo 3. år	7,8	4,2	5,3	7,3
Universitet eller høgskule	12,1	20,8	12,8	12,3
Anna (kurs e.l.)	28,2	33,3	35,4	29,6

Ein større del innsette i varetekts (78,6 prosent) ønskjer seg utdanning i fengslet enn innsette med dom (69,5 prosent). Kva dei faktisk ønskjer seg varierer likevel ikkje så mykje mellom desse to gruppene, med unnatak av at varetektsinnsette i litt større grad vil ha anna utdanning (dvs. enkeltkurs eller liknande) (35,4 mot 28,2 prosent).

Det er nærliggjande å tru at lengda på dommen som dei innsette har, også har konsekvensar for korleis dei ser på sjansane til å ta utdanning i fengsel. Situasjonen for dei som sit i varetekts er vesentleg ulik den for andre innsette. Dei har enno ikkje fått endeleg dom, og kan dømmast til varetekts for fire veker i gongen (i spesielle tilfelle kan ein få lenger varetektsdom). Vi avgrensar oss derfor i tabell V.2 berre til dei som har endeleg dom og dei som sit i forvaring.

Tabell V.2. Prosent innsette med utdanningsønske i fengslet etter lengda på dommen (utan innsette i varetekts) (N=100 %).

	Under 3 mnd	3-12 mnd	1-5 år	Meir enn 5 år
	N=364	N=428	N=524	N=240
Ønskjer ikkje utd. i fengslet	47,5	35,7	23,5	7,9
Grunnskule- opplæring	2,2	2,1	4,6	2,1
Vgo 1. år	6,0	15,9	13,5	15,0
Vgo 2. år	3,0	5,1	8,0	8,3
Vgo 3. år	3,8	5,8	10,5	11,7
Universitet eller høgskule	5,2	4,9	13,9	32,9
Anna (kurs e.l.)	32,1	30,4	26,0	22,4

Lengda på dommen har nokså mykje å seie for kor stor del som ønskjer seg utdanning i fengslet. Nesten utan unnatak er det innsette med lengst dom som også har den største prosentdelen som ønskjer seg utdanning i fengslet. Omtrent halvparten (47,5 prosent) av dei med kortast dom ønskjer ikkje utdanning; berre kvar tolvt (7,9 prosent) av dei med lengst dom gir uttrykk for det. På den andre sida ønskjer nesten ein av tre innsette (32,9 prosent) med dei (her) lengste dommane universitet- eller høgskuleutdanning; dette gjeld berre omtrent kvar tjuande (5,2 prosent) av dei med kortast dom.

Tabell V.3. Prosent innsette med utdanningsønske i fengslet etter geografisk inndeling basert på fødelandsopplysninga (N=100 %).

	Noreg	Resten av Norden	Resten av Europa	Afrika	Asia	Amer- rika
	N=1304	N=35	N=258	N=150	N=166	N=33
Ønskjer ikkje utd. i fengslet	33,0	25,7	22,9	18,0	12,7	30,3
Grunnskuleoppl.	2,1	5,7	1,6	11,3	6,6	3,0
Vgo 1. år	12,7	8,6	9,7	16,0	17,5	21,2
Vgo 2. år	5,9	5,7	3,5	8,0	8,4	0
Vgo 3. år	8,0	2,9	6,2	8,0	6,0	3,0
Univ./ høgskule	11,7	20,0	12,8	13,3	12,0	21,2
Anna (kurs e.l.)	26,5	31,4	43,4	25,3	36,7	21,2

Har det så noko å seie for utdanningsønske kvar dei innsette kjem frå i verda, kva som er deira fødeland? Dette får vi ein indikasjon på i tabell V.3. Innsette med

norsk bakgrunn utgjer den største gruppa som ikkje ønskjer utdanning i fengslet (33,0 prosent); innsette frå Afrika og Asia utgjer dei minste gruppene som ikkje ønskjer utdanning i fengslet (18,0 og 12,7 prosent). Det er innsette frå Asia og Afrika som utgjer dei største gruppene som ønskjer grunnskuleopplæring (Asia 6,6 og Afrika 11,3 prosent) eller første år vidaregåande opplæring (Asia 17,5 og Afrika 16,0 prosent). Prosentdelen som ønskjer seg anna utdanning, dvs. språkkurs, arbeidslivskvalifiserande kurs e.l., er relativt stor. For utlendingane sin del har det her oftest vist seg å vere snakk om språkkurs i norsk eller engelsk; for andre er det gjerne snakk om ikt-kurs.

Tabell V.4. Prosent innsette med utdanningsønske i fengslet etter aldersgrupper (N=100 %).

	18 til 24 år	25 til 34 år	35 til 44 år	Over 44 år
	N=369	N=680	N=507	N=352
Ønskjer ikkje utd. i fengslet	27,4	26,0	27,4	35,5
Grunnskule- opplæring	5,4	2,5	3,4	2,0
Vgo 1. år	19,5	16,2	10,7	4,3
Vgo 2. år	9,8	5,4	5,1	4,0
Vgo 3. år	9,2	8,4	6,9	4,5
Universitet eller høgskule	7,0	14,0	14,8	11,4
Anna (kurs e.l.)	21,7	27,5	31,8	38,4

Korleis skil utdanningsønska i fengslet seg når det gjeld dei innsette sin alder? Vi brukar dei same alderskategoriane som tidlegare, og ser nærmare på dette i tabell V.4. Prosentdelen som ikkje ønskjer seg utdanning i fengslet, er litt større i den eldste gruppa (35,5 prosent) enn i dei tre andre. Dei tre yngste gruppene står fram som relativt like i så måte. I den yngste aldersgruppa finn vi ein litt større prosentdel som ønskjer seg grunn- og vidaregåande opplæring enn dei som er i dei eldre gruppene. Når det gjeld ønske om utdanning på universitet- eller høgskulenivå, er det dei to mellomgruppene som har størst del, med ca. ein av sju. Ønske om uspesifisert anna utdanning stig med alderen, der omrent ein av tre i dei to eldste aldersgruppene gir uttrykk for det.

Tabell V.5. Prosent innsette med utdanningsønske i fengslet etter kjønn (N=100 %).

	Kvinner	Menn
	N=114	N=1815
Ønskjer ikkje utd. i fengslet	32,9	28,2
Grunnskuleopplæring	3,2	4,1
Vgo 1. år	9,6	13,3
Vgo 2. år	2,1	6,1
Vgo 3. år	7,5	7,3
Universitet eller høgskule	10,3	12,6
Anna (kurs e.l.)	33,6	29,3

Det er også i denne undersøkinga relativt små skilnader mellom kvinnelege og mannlege innsette sine utdanningsønske i fengslet (tabell V.5). Ein litt større del kvinner enn menn ønskjer ikkje utdanning (32,9 mot 28,2 prosent); ein litt større del menn enn kvinner gjev uttrykk for ønske om vidaregåande opplæring første og andre år, men ein skal vere merksam på at prosentueringsgrunnlaget her er nokså ulikt. Totalinntrykket er at utdanningsønska i fengslet er like for menn og kvinner.

Endeleg utdanningsønske

Dei innsette fekk denne gongen spørsmål om kva som er den høgste utdanning dei ønskjer å fullføre. Spørsmålet vart stilt for å lausrive ønska om utdanning og opplæring frå fengselssituasjonen, i tillegg til å få ein presisjon av både det endelege nivået på ønska og om ønska innanfor vidaregåande opplæring er allmennfagleg eller yrkesretta. (Det må her tilføyast at ein del innsette truleg har misforstått uttrykket "yrkesutdanning", noko som særleg gjeld utlendingar. Til dømes har ein del innsette som ønskjer seg universitetsutdanning i fengslet kryssa av for yrkesutdanning som høgaste utdanningsmål. Poenget er nemleg at dei ønskjer seg eit yrke, men er ukjent med at vidaregåande yrkesopplæring er eit alternativ til allmenn vidaregåande opplæring, noko som var poenget i skjemaet. Dersom ein innsett har kryssa av for universitetsutdanning som utdanningsønske i spørsmål 16 og yrkesutdanning som endeleg utdanningsmål, blir vedkommande, av oss, plassert med universitetsutdanning som høgaste ønske. Dette gjeld ti innsette.)

Av alle innsette er det nesten tretti prosent (28,5 prosent) som lar vere å oppgje noko endeleg utdanningsønske; 3,1 prosent har grunnopplæring som endeleg ønske; 28,8 prosent seier at dei er ute etter yrkesopplæring; knappe kvar tiande søker til allmennfagleg vidaregåande opplæring som endeleg ønske (9,3 prosent), og nær ein av tre (30,3 prosent) av dei innsette som har opplyst om dette ser på universitet- og høgskuleutdanning som endeleg utdanningsønske.

Som vi såg tidlegare i dette kapitlet er det ein relativ stor del som ikkje ønskjer seg utdanning i fengslet. Dette kan ha fleire årsaker. Det kan vere at nokon oppfattar fengselssituasjonen så negativ og lite konstruktiv at dei har vanskar med å knyte utdanning og opplæring til han. Det kan også vere at tilbodet som blir gitt i fengslet ikkje passar alle eller det er for snevert. I tillegg kjem det faktum at mange innsette med korte dommar ikkje finn det bryrt verdt å starte med utdanning i fengslet, og heller vil ha dette utanfor når den tid kjem. Derfor skal vi først sjå nærare på korleis dei uttrykte ønska om utdanning og opplæring i fengslet eventuelt heng saman med dei endelege ønska som dei innsette måtte ha.

Tabell V.6 viser at to tredjepartar av dei som ikkje har utdanningsønske i fengslet heller ikkje gjev uttrykk for endelege utdanningsmål. Av dei som har grunnopplæring som utdanningsønske i fengslet er det nesten halvparten (45,1 prosent) som er nøgde med det, resten vil ha yrkesopplæring (29 prosent), allmennfagleg opplæring (12,9 prosent) eller høgskule eller universitetsutdaning (12,9 prosent). Halvparten av dei som ønskjer seg vidaregåande opplæring i fengslet har yrkesopplæring som endeleg utdanningsmål. Ein skal også leggje merke til at tredjeparten av dei som har spesifisert "andre utdanningsønske" i fengslet har yrkesopplæring som endeleg utdanningsmål, og nesten fjerdeparten av desse (23,6 prosent) har universitet og høgskule som mål.

Tabell V.6. Dei innsette sine endeleg utdanningsmål prosentuert ut frå utdanningsønske i fengslet (N=100 %).

Endeleg utdanningsønske:	Utdanningsønske i fengslet				
	Ingen	Grunn- oppl.	Vidare- gående	Univ.	Andre (kurs e.l.)
	N=541	N=62	N=500	N=240	N=522
Ingen ønske	67,3	-	-	-	29,7
Grunnoppl.	1,5	45,1	-	-	4,2
Yrkesutdanning	19,0	29,0	49,8	-	33,0
Allmennfagleg	3,9	12,9	18,6	-	9,6
Univ./ høgskule	8,3	12,9	31,6	100	23,6

Det kan tenkjast at eventuell mangel på utdanningsønske i fengslet heng saman med at dei innsette allereie har den utdanninga dei sjølv synest at dei treng eller vil ha, eller at dei får det dei treng i fengslet, noko som då ikkje fordrar fleire ønske utover det. Vi ser derfor no på om utdanningsønska til dei innsette kan forklarast av det som dei allereie har, eventuelt det som dei held på med i fengslet (tabell V.7).

Det å ha utdanning og å halde på med utdanning i fengslet verkar kumulativt på ønske om utdanning. Det er nemleg dei som ikkje har utdanning i utgangspunktet og som heller ikkje tar det i fengslet som i minst grad ønskjer seg det. Berre 43,1 prosent av dei som ikkje har utdanning i utgangspunktet og som ikkje tar det i fengslet, har utdanningsønske i fengslet. Litt over halvparten av den same gruppa

gjev uttrykk for eit endeleg utdanningsmål. "Effekten" av å ta utdanning i fengslet for denne gruppa er stor.

Over nitti prosent (91,0) av dei som held på med utdanning i fengslet, uttrykkjer også ønske om utdanning, og meir enn tre av fire (77,8 prosent) oppgjev å ha eit endeleg utdanningsmål.

Tabell V.7. Prosent innsette med utdanningsønske etter om dei har utdanning i utgangspunktet og om dei tar utdanning i fengslet.

	Har ikkje fullført noko utdanning		Har fullført utdanning	
	Tar ikkje utd. i fengslet	Tar utd. i fengslet	Tar ikkje utd. i fengslet	Tar utd. i fengslet
Ønskjer seg utdanning i fengslet	43,1	91,0	53,1	94,9
N=100 %	109	78	926	789
Har eit endeleg utdanningsønske	52,8	77,8	60,5	86,5
N=100 %	108	72	899	768

Som tidlegare nemnt i rapporten er dei som sit i varetekts i ein litt spesiell situasjon. Dei blir nemleg ikkje "dømde" til meir enn fire veker i gongen (med visse unnatak) og har såleis mindre høve til å planleggje kva som skal kunne skje medan dei sit inne. Vi sjekka derfor kva som ville skje med resultatet vist i tabell V.7 utan at varetektsfengsla var med. Resultatet vart omtrent det same.

VI. Sjølvvurdering av dugleik

Dei innsette fekk denne gongen høve til å vurdere sine dugleikar innanfor dei fire områda, lesing, skriving, matematikk og ikt-bruk. Denne eigavurderinga vart gjort i tillegg til ei sjølvrapportering av opplevde vanskar når det gjeld lesing, skriving og matematikk. Det siste vart også gjort i 2004- og 2006-undersøkingane. Sjølvrapporterte vanskar blir tatt opp i neste kapittel. Her ser vi først nærmare på korleis dei innsette vurderte kor gode dei er innanfor dei fire nemnde områda.

Nesten to av tre innsette (tabell VI.1) vurderte sine dugleik i lesing til å vere 'svært gode' eller 'gode;' ein noko mindre del i skriving (57,1 prosent) og endå færre i matematikk (37,4 prosent) og ikt-bruk (35,4 prosent). Prosentdelen som sa at dei er 'svært svake' innanfor desse områda er størst i matematikk (9,7 prosent) og ein av sju i ikt-bruk (14,1 prosent).

Tabell VI.1. Dei innsette sine sjølvvurderingar av dugleik i lesing, skriving, matematikk og bruk av ikt. Prosenttal.

	Lesing	Skriving	Matematikk	Ikt
Svært svak	3,9	5,1	9,7	14,1
Svak	5,8	10,7	19,9	17,4
Middels	22,2	27,1	33,1	33,1
God	34,8	31,9	25,3	23,8
Svært god	33,4	25,2	12,1	11,6
N=100 %	1 934	1 932	1 915	1 918

La oss sjå korleis desse tala ser ut når vi bryt dei ned på fødelandsopplysinga og grupperer det i verdsdelar. (For at dette ikkje skal bli unødig komplisert og overlessa med tal, konsentrerer vi oss i tabellane VI.2 og VI.3 berre om dei som sa at dei vurderte seg sjølve til å vere 'svært svake' eller 'svært gode'.) Ein del tendensar peikar seg klart ut. Den eine er at innsette med fødeland Asia utgjer den største delen som seier at dei er 'svært svake' i lesing og skriving, og motsett, dei utgjer klart den minste delen som seier at dei er 'svært gode' i lesing og skriving. Når det gjeld matematikk og ikt-bruk, står igjen innsette frå Asia fram som svake, men skilnaden mellom dei innsette etter verdsdelinndelinga er her ikkje like stor som når det gjeld lesing og skriving.

Tabell VI.2. Dei innsette sine sjølvvurderingar av dugleik i lesing, skriving, matematikk og bruk av ikt. Prosenttal etter fødelandsopplysningar.

	Noreg	Resten av Norden	Resten av Europa	Afrika	Asia	Amerika
Lesing						
Svært svak	3,2	2,9	3,6	4,5	8,9	2,9
Svært god	35,1	37,1	36,0	32,3	15,8	35,3
Skriving						
Svært svak	3,8	5,7	5,7	6,7	11,5	2,9
Svært god	26,5	31,4	26,7	23,9	11,5	32,4
Matematikk						
Svært svak	10,1	2,9	5,4	9,0	11,7	17,6
Svært god	11,4	20,0	16,3	11,9	9,7	14,7
Ikt						
Svært svak	12,9	11,4	11,4	20,3	18,7	26,5
Svært god	12,1	8,6	12,7	12,8	5,8	14,7

Korleis ser så dette ut når det gjeld dei innsette sin alder (tabell VI.3)? Her kjem det også fram eit relativt klart mønster.

Tabell VI.3. Dei innsette sine sjølvvurderingar av dugleik i lesing, skriving, matematikk og bruk av ikt. Prosenttal etter aldersgrupper.

	18 til 24 år	25 til 34 år	35 til 44 år	Over 44 år
Lesing				
Svært svak	4,1	3,1	3,2	5,0
Svært god	31,0	31,2	32,1	43,1
Skriving				
Svært svak	5,5	4,5	3,6	7,0
Svært god	20,5	23,8	24,4	34,3
Matematikk				
Svært svak	15,2	9,0	7,6	7,1
Svært god	8,5	11,7	12,9	14,6
Ikt				
Svært svak	8,0	9,2	19,3	21,1
Svært god	15,7	12,3	9,8	8,6

Dei eldste innsette utgjer den største gruppa innsette som seier at dei både er 'svært svake' og 'svært gode' når det gjeld lesing og skriving. Det same gjeld også matematikk og dei eldste si utsegn om å vere 'svært god', men her er skilnaden

mellom aldersgruppene ikkje fullt så klar. Det er så dei yngste som utgjer den største gruppa innsette som seier at dei er 'svært svake' i matematikk (15,2 prosent). Ikt-bruken er det dei yngste som er mest fortrulege med, der ein av seks seier at dei er 'svært gode'. I dei to eldste gruppene innsette er det ein av fem som seier at dei er 'svært svake' når det gjeld ikt-bruk.

Det er ein del skilnader mellom mannlege og kvinnelege innsette når det gjeld sjølvvurdering av denne kompetansen. Først og fremst er det slik at kvinner i fengsel i større grad enn menn har kryssa av for at dei er 'svært gode' i lesing og skriving (45,0 mot 32,5 prosent i lesing; 38,8 mot 24,1 prosent i skriving). I matematikk er det omvendt. Kvar sjette kvinnelege innsett (16,7 prosent) seier at dei er 'svært svake', mot at 9,1 prosent av mannleg innsette seier det same. I den andre enden av skalaen (dvs. 'svært god' i matematikk) er dei likevel like. Når det gjeld sjølvvurderte dugleik i ikt-bruk, er det ingen skilnad mellom kjønna.

Spesifikk ikt-kompetanse

I tidlegare undersøkingar av innsette, både i Noreg og i Norden elles (Eikeland mfl. 2008), har innsette hevdat at mangel på ikt-utstyr i fengsla skaper vanskar og hinder for utdanning og utdanningsprogresjon. Dilemmaet som fengsla har og som dei innsette blir møtt med er at ikt-utstyret gjennom sin kommunikative funksjon er ei utfordring for tryggingstiltaka i fengsla. Bruk av slikt utstyr må derfor skje i kontrollerte former, blir det understreka av utdanningsstresmaktene og av kriminalomsorga. Sidan dei innsette vektlegg dette med ikt-utstyr og saknet av det, fann vi det denne gongen verdt å undersøke nærmere kva som er dei innsette sin spesifikke sjølvrapporterte ikt-kompetanse, dvs. kva dei eigentleg kan innanfor enkeltområde eller forhold som dreiar seg om både program- og maskinvare knytt til ikt-bruk. Vi utvikla ikkje eit eige verktøy for å kartlegge denne kompetansen, men valte å nytte eit kartleggingsverktøy som vart brukt som ein del av ein kartleggingsstudie i grunnskulen i samband med doktorgradsarbeidet til Vibeke Vold (2007). Den studien hadde eit breiare føremål enn berre ikt-kompetanse. Vold tok i bruk eit spørsmålsbatteri som hadde vore nytta av andre (Endestad, Brandtzæg, Heim, Torgersen & Kaare, 2004). Spørsmåla hadde den eigenskapen at dei kunne nyttast både overfor yngre og eldre elevar i grunnskulen. På sytten område skulle elevane sjølve gjere greie for kor mykje ein kunne på dei enkelte ikt-områda ved å indikere sin kompetanse på ein fempunkts skala frå 'kan ikkje noko' til 'kan alt'. Ved å gje desse svaralternativa talverdiar frå *ein til fem* ha vi gjort oss i stand til å rekne gjennomsnittsverdiar som uttrykkjer kompetansen på dei enkelte områda. Vold si målgruppe var elevar på fjerde, sjuande og tiande trinn. Vi ser det her som verdifullt å samanlikne ikt-kompetansen til dei innsette i 2009 med dei elevane som ligg nærest i alder, nemleg dei på tiande trinnet. I tabell VI.4 finn ein svar på om denne kompetansen er lik eller ulik. Det må her understrekast at Vold si undersøking vart gjort våren 2005; vår undersøking fire år seinare.

Tabell VI.4. Spesifikk sjølvvurdert ikt-kompetanse hos innsette og grunnskuleelevar på tiande trinn (i 2005). Gjennomsnittstal på ein skala frå 1=kan ikkje noko til 5=kan alt.

Ikt-område	Innsette	10. trinns elevar*
Bruke tastaturet på en datamaskin	3,2	3,7
Bruke musepekeren	3,6	4,4
Bruke joystick	3,0	2,6
Bruke internett til å søke etter informasjon eller opplysninger	3,4	3,7
Legge ut informasjon på Internett	2,5	2,8
Bruke e-post (e-mail)	3,3	4,1
Sende bilde eller andre dokument med e-post (som vedlegg)	3,0	3,9
Lage en personlig og egen hjemmeside	2,0	2,4
Bruke "chatte"-program (for eksempel MSN)	3,0	4,3
Sende bilder, dokument eller musikk på MSN	2,8	4,2
Bruke datamaskin til å skrive brev	3,4	3,9
Bruke grafikk- eller tegneprogram	2,4	3,2
Bruke minnepenn, cd eller diskett i datamaskinen.	3,1	3,7
Bruke regneark (for eksempel Excel)	2,4	2,7
Bruke søkemotor (for eksempel Kvasir eller Google)	3,3	4,4
Finne ut hvem som har opphavsrett til informasjon på internett	2,4	2,9
Laste ned og installere program på en datamaskin	2,9	3,6
Totalindeksen av alle ikt-områda	2,91	3,58

* Våren 2005 (Vold, 2007).

Ikt-utstyr blir meir og meir vanleg på fleire område i samfunnet, og den røynsla ein gjer seg blir meir og meir automatisert (og nødvendig) for å kunne fungere optimalt i samfunnet. Dette kan vanskeleggjer tolkingane av ei slik samanlikning over tid. Totalkompetansen (alle sytten summert og dividert) viser at elevane på tiande trinn ligg eit godt stykke over dei innsette i ikt-kompetanse. Vi legg merke til at elevane kan meir enn dei innsette på seksten av dei sytten områda det her er snakk om. Ein statistisk test av desse skilnadene viser at dei er signifikante. Skilnaden er størst når det gjeld bruk av MSN og søkjemotor, minst når det gjeld generell bruk av internettet.

VII. Sjølvvurdering av lærevanskar

I tillegg til å vurdere og rapportere om sine dugleikar (kap. VI) vart dei innsette også spurde om å gje ein vurdering av vanskars som dei eventuelt har når det gjeld lesing, skriving og matematikk. Dette er i prinsippet ei gjentaking av spørsmål frå undersøkingane i 2006 og i 2004. I 2004 var det omtrent to av tre (68,4 prosent) som rapporterte om ingen vanskars i lesing eller skriving; 61,7 prosent rapportert om at dei ikkje hadde noko vanskars i matematikk eller rekning. Tilsvارande var det noko færre i 2006-undersøkinga (62,8 prosent) som rapporterte om ingen vanskars i lesing eller skriving, og ein god del færre som rapporterte om ingen vanskars i matematikk (52 prosent). Korleis dette ser ut i 2009 finn ein i tabell VII.1

Tabell VII.1. Dei innsette sin sjølvrapporterte grad av vanskars i lesing, skriving og matematikk. Prosenttal.

	Lesing	Skriving	Matematikk
Ingen	56,8	46,8	29,5
Ja, men berre litt	20,9	24,1	25,5
Ja, i noko grad	14,4	20,6	28,3
Ja, i svært stor grad	7,9	8,6	16,7
N=100 %	1934	1933	1935

Det er no berre 56,8 prosent av dei innsette som seier at dei ikkje har vanskars når det gjeld lesing; og mindre enn halvparten seier at dei ikkje har det når det gjeld skriving (46,8 prosent). I matematikk er det færre enn ein av tre (29,5 prosent) som seier at dei ikkje har vanskars.

Korleis ser så desse fordelingane ut når vi kontrollerer for kvar i verda dei innsette kjem frå, dvs. har sitt fødeland (tabell VII.2)? Igjen er det innsette frå Asia som peikar seg litt ut. Både når det gjeld lesing, skriving og matematikk utgjer dei den aller minste gruppa innsette som seier at dei *ikkje* har vanskars (29,5, 24,4 og 22,4 prosent), men dei står også fram som den største gruppa som seier at dei har berre litt vanskars i lesing og skriving. Likt innsette frå Afrika seier kvar femte innsett frå Asia at dei i svært stor grad har lesevanskars. (Kvar tredje innsett frå Amerika seier at dei har lesevanskars i noko grad, men her er prosentueringsgrunnlaget lite og få personar kan gjere store utslag.) Det er innsette frå Europa utanom Norden som har den største prosentdelen som seier at dei ikkje har vanskars i matematikk. Meir enn halvparten av innsette med fødeland Noreg eller i Amerika seier at dei ikkje har vanskars i skriving. Nesten halvparten (45,5 prosent) av innsette frå Amerika seier at dei har ingen vanskars når det gjeld matematikk.

Tabell VII.2. Prosent innsette med lese-, skrive- eller matematikkvanskars etter fødeland.

	Noreg	Resten av Norden	Resten av Europa	Afrika	Asia	Amerika
Grad av vanskars i lesing						
Ingen	61,0	67,6	59,2	43,0	29,5	51,5
Ja, men berre litt	18,8	17,6	22,4	24,4	36,5	12,1
Ja, i noko grad	13,1	11,8	12,4	19,3	19,2	33,3
Ja, i sv. stor grad	7,1	2,9	6,0	13,3	14,7	3,0
Grad av vanskars i skriving						
Ingen	50,8	48,5	48,2	30,4	24,4	54,5
Ja, men berre litt	22,4	24,2	24,1	28,9	35,3	15,2
Ja, i noko grad	19,0	21,2	21,7	25,9	25,6	27,3
Ja, i sv. stor grad	7,8	6,1	6,0	14,8	14,7	3,0
Grad av vanskars i matematikk						
Ingen	28,5	33,3	37,3	27,2	22,4	45,5
Ja, men berre litt	24,7	33,3	23,7	27,2	32,1	21,2
Ja, i noko grad	29,1	21,2	28,5	24,3	31,4	12,1
Ja, i sv. stor grad	17,7	12,1	10,4	21,3	14,1	21,2

I 2004 var det avdekt at lese- eller skrevvanskars var mest å finne blant dei yngste. Dette var ein statistisk samanheng som ikkje var like klar i 2006-undersøkinga. Korleis dette ser ut i 2009 får vi vite meir om i tabell VII.3.

Den statistiske samanhengen mellom vanskars og alder synest no å vere relativt klar igjen. For det første er det konsekvent slik at den største delen innsette som seier at dei ikkje har vanskars er i den eldste gruppa, dvs. over 44 år (67,6 prosent i lesing; 60,8 prosent i skriving og 40,4 prosent i matematikk). Det også slik at den minste gruppa innsette som seier at dei har slike vanskars i svært stor grad er å finne i den eldste aldersgruppa, når det gjeld lesing og matematikk. På den andre sida er det blant dei yngste ein finn den minste gruppa innsette som rapporterer at dei ikkje har vanskars i lesing (50,3 prosent), skriving (37,4 prosent) og matematikk (16,8 prosent).

Tabell VII.3. Prosent innsette med lese-, skrive eller matematikkvanskar etter alderskategori.

	18 til 24 år	25 til 34 år	35 til 44 år	Over 44 år
Grad av vanskår i lesing				
Ingen	50,3	55,9	55,7	67,6
Ja, men berre litt	26,3	20,9	23,0	13,2
Ja, i noko grad	15,5	15,5	13,0	12,4
Ja, i svært stor grad	7,9	7,7	8,3	6,8
Grad av vanskår i skriving				
Ingen	37,4	44,8	46,7	60,8
Ja, men berre litt	32,6	25,6	22,9	14,9
Ja, i noko grad	19,3	21,6	22,7	16,1
Ja, i svært stor grad	10,8	8,0	7,7	8,2
Grad av vanskår i matematikk				
Ingen	16,8	28,0	32,7	40,4
Ja, men berre litt	27,2	25,0	25,9	24,7
Ja, i noko grad	33,1	30,2	26,3	23,0
Ja, i sv. stor grad	23,0	16,9	15,0	11,9

Menn og kvinner i fengsel var litt ulike når det gjaldt lese- eller skrivevanskår i 2006, men skilnadene var den gongen noko mindre enn i 2004. I 2009 finn vi igjen skilnader når det gjeld prosentdelen kvinner og menn som seier at dei ikkje har vanskår i lesing og skriving, og underforstått skilnad i kor stor del som seier at dei har det. To av tre (65,9 prosent) kvinnelege innsette seier at dei ikkje har vanskår i lesing, mot 56,1 prosent av mennene; 58,4 prosent av kvinner i fengsel seier at dei ikkje har vanskår i skriving, mot 45,9 prosent av dei mannelege innsette. Når det gjeld vanskår i matematikk, er det omvendt. Berre kvar femte kvinne i fengsel (20,4 prosent) seier at ho ikkje har vanskår i matematikk, mot kvar tredje mannleg innsett (30,2 prosent).

VIII. Oppsummering og drøfting

Undersøkinga vart gjennomført ei veke i mai 2009, og alle fengsla i Noreg var meint å skulle vere med. Ulike lokale forhold ved fengsla, og tidspunktet for undersøkinga førde til at svarprosenten ikkje var like god hos alle fengsla. I denne undersøkinga er han 63,7 prosent. Sjølv om svarprosenten kan seiast å vera høg, særleg på bakgrunn av at det ikkje vart sendt ut purring, kan det likevel vere slik at dei som valde å la vere har meir vanskar knytt til skule, utdanning og læring enn dei som svarde. Dette kan innebere at vi til ein viss grad overrapporterer fullført utdanning og utdanningsønske, samstundes som vi underrapporterer lærevanskars. Spørjeskjemaet vart administrert slik at dei som hadde språkvanskars og/eller lese- eller skrivevanskars fekk hjelp med å skjöne og fylle ut skjemaet. For innsette med lese- eller skrivevanskars og språkvanskars instruerte vi personen som skulle gjennomføre datainnsamlinga, om å lese ordrett opp spørsmåla og svaralternativa for dei innsette det var aktuelt for. Denne framgangsmåten reknar vi med auka svarprosenten for dei aller mest vanskelegstilte personane. For innsette frå andre land enn Noreg har truleg slik hjelp medverka til at dei er noko overrepresenterte i undersøkinga (sjå kapittel II). Vi meiner samla sett at undersøkinga gjev eit tilnærma rett bilet av innsette i norske fengsel sine utdanningsønske, utdanningsbehov, kompetanse og lærevanskars. I og med at undersøkinga vart gjennomført blant innsette i norsk fengsel på eit avgrensa tidspunkt i 2009, føreutset vi også at dei som sona då er representative for innsette på alle andre tidspunkt i løpet av året.

Utdannings- og arbeidslivsrøynsle

I undersøkingane vi gjennomførte i 2004 (Eikeland og Manger, 2004) og 2006 (Eikeland mfl., 2006) samanlikna vi dei innsette sitt utdanningsnivå med tilsvarande nivå blant folket i Noreg basert på SSB sine tal for utdanningsnivået i Noreg. På eit slikt grunnlag konkluderte vi med at dei innsette sitt utdanningsnivå låg minst 25 år etter folket i Noreg sitt nivå, men at dei innsette var litt betre stilt i 2006, samanlikna med to år før. Tatt omsyn til at dei innsette i begge desse undersøkingane hadde ein gjennomsnittsalder på 35 år, ville dei nok ha kome klart därlegare ut om dei vart samanlikna med ei aldersekvivalent gruppe busett i Noreg (eldre personar har hatt langt därlegare høve til å ta utdanning enn dei som har vakse opp i ei tid der det er blitt langt meir vanleg å ta utdanning ut over grunnskule).

Samanlikna med tidlegare undersøkingar har vi denne gongen meir spesifikk kunnskap om kva som er den høgaste utdanning som dei innsette har. Grunnen er at vi denne gongen spurde kva som er dei innsette si *høgaste fullførde* utdanning. Når vi skal samanlikna med folket i Noreg, og samanhælte resultata med tala i 2004 og 2006, oppstår det likevel eit problem, slik vi peikar på i kapitla II og III. SSB har nemleg endra den hittil særnorske definisjonen av kva som er innhaldet i dei tre nivåa av høgaste fullførde utdanning, nemleg grunnskuleopplæring, vidaregående opplæring og høgskule- eller universitetsutdanning. Grunnen er at ein har tilpassa seg måten OECD definerer dette på.

I den tidlegare definisjonen av grunnskulenivået vart alle som berre hadde *det* som høgaste fullførde utdanning plasserte i den kategorien. I den nye definisjonen blir også dei som har fullført så lite vidaregående opplæring at det ikkje kvalifiserer

til fullført vidaregåande opplæring også plasserte på grunnskulenivået. Før var det slik at alle som hadde fullført ei eller anna form for vidaregåande opplæring vart plasserte på det nivået uansett lengda. Neste problemet er at i den nye definisjonen av fullført vidaregåande opplæring blir dette biletet endra totalt ved at ein også har ulike definisjonar for ulike tidsperiodar. Den nye måten å definere vidaregåande opplæring på slår negativt ut for dei innsette, fordi svært mange av dei berre har fullført delar av vidaregåande opplæring. Slik sett kan ein seie at den nye reknemåten gir eit mindre flatterande, men meir rett bilet av kor innsette står samanlikna med folket i Noreg.

Etter gammal utrekningsmåte kan ein nok framleis tolke ein liten framgang hos innsette, samanlikna med folket totalt. Brukar ein derimot SSB sin nye utrekningsmåte får ein dette biletet: Når det gjeld vidaregåande opplæring, er dei innsette svakare stilt enn folk i Noreg var før 1970. Derimot, når det gjeld høgare utdanning, ligg dei innsette på nivået til det folkesetnaden i landet hadde kring 1990. Prosenten innsette som er utan noko fullført utdanning eller opplæring er ca. ti prosent i 2009. Dette er ei klar forverring av situasjonen frå 2006 då prosent var sju. (Det er ca. ein prosent av folket i Noreg som ikkje har noko form for fullført utdanning.) Ein del av denne endringa kjem truleg av ein større del utlendingar i norske fengsel i 2009. Fordelinga viser at vi i fengsel i dag har ei stor gruppe personar med svært låg utdanning, men også etter kvart ei veksande gruppe med høgare utdanning. Dette heng sjølvsagt saman med at også ein del innsette har fått del i "utdanningseksplosjonen" ved universitet og høgskular, særleg dei siste førti åra. Variasjonen i utdanningsbakgrunn i fengsel er også i tråd med den forskingsbaserte kunnskapen om at ei stor gruppe av dei som utviklar åtferd prega av kriminalitet hadde store samansette vanskar frå barndomen av, noko som mellom anna førde til fråfall frå skule. Andre derimot, hadde ein tilnærma normal barndom, men utvikla antisocial åtferd og kriminalitet i ungdomstida eller tidleg vaksen alder, utan at dette naudsynlegvis førde til avbroten vidaregåande opplæring (Moffitt, Caspi, Harrington og Milne, 2002). Med grunnlag frå vidaregåande opplæring, har denne sistnemnde gruppa også studiekompetanse.

Det er også store variasjonar blant dei innsette, etter alder og etter kor dei kjem ifrå. Dei under 25 år har i langt mindre grad enn andre fullført utdanning. Såleis er det berre elleve prosent i denne aldersgruppa som har fullført tre år eller meir vidaregåande opplæring. Undersøkinga i 2006 viste at det var seksten prosent av dei under 25 år som då hadde fullført minst tre år vidaregåande opplæring. Ei samanlikning av dei to undersøkingane viser ei klar endring i negativ lei, noko som kan ha si forklaring i at det er komme fleire utlendingar i norske fengsel. Blant innsette frå Asia og Afrika er det klart høgst prosent som ikkje har fullført noko utdanning. Skilnadene mellom menn og kvinner er små når det gjeld utdanningsnivå.

Dei innsette sitt utdanningsnivå er ein viktig del av deira *realkompetanse*. I Noreg er realkompetanse definert som all kunnskap og duglike som er tileigna gjennom utdanning, løna eller uløna arbeid, organisasjonsrøynsle, fritidsaktivitetar eller på annan måte (VOX, 2008). Gjennom denne undersøkinga har vi ikkje hatt høve til å kartleggja dei innsette sin realkompetanse, men i motsetnad til i 2006 har vi kartlagt den delen som gjeld deira arbeidslivserfaring. Resultata viser at kvar niande innsette ikkje har hatt arbeid, og dei fleste som har hatt arbeid har hatt ufaglært arbeid.

Innsette frå Afrika er dei som oftast er heilt utan arbeidslivsrøynsle. Dess yngre dei innsette er, dess mindre er sjansen for at dei har vore i arbeid. Det er også ein del kjønnsskilnader, som følger tradisjonelle kjønnsrollemönster. Data våre, både når det gjeld utdannings- og arbeidslivsbakgrunn, blir støtta av Skarðhamar og Telle (2009) si undersøking av alle innsette som vart sett fri frå soning i norske fengsel i perioden 2003-2006. Fangepopulasjonen er ei gruppe med låg utdanning og lite tilknyting til arbeidsmarknaden, samanlikna med folk flest. Skarðhamar og Telle finn at det er mindre sannsynleg at personar som har arbeid på tidspunktet for avslutta soning, eller som får arbeid seinare, gjer nye brotsverk.

Utdanningsaktivitet i fengslet og rett til opplæring

Det har sidan undersøkinga i 2006 (Eikeland mfl., 2006) skjedd ein klar reduksjon i prosent innsette som ikkje tek opplæring i fengsel (frå 67 til 54 prosent). Delar av endringa i positiv lei må tilskrivast at det etter 2006 vart gitt opplæringstilbod i alle fengsel. Det er ein klar tendens til at dei som har mest utdanning frå før oftast held fram med utdanning og opplæring i fengsel. Aldersskilnadene er ikkje store, men dei mellom 25 og 35 år held oftast på med opplærings- eller utdanningsaktivitet. Afrikanarar er dei som oftast tek grunnopplæring. Data viser at kjønnsskilnadene er små, men den klare skilnaden mellom grupper innsette er knytt til domslengda: dess lengre dom ein har, dess fleire tek utdanning i fengsel. Det er mange innsette med korte domar i norske fengsel. Det kan sjå ut som om dei innsette då ikkje finn det bryet verd å starta på ei utdanning, samstundes som opplæringa innanfor kriminalomsorga ikkje legg nok til rette for at innsette med korte domar skal få slikt tilbod. Det er eit paradoks at ein kort dom skal bli oppfatta som eit hinder for å komme i gang med utdanning (Eikeland mfl., 2008). Særleg er det tilfelle visst det nettopp er avbroten utdanning som har skapt grunnlaget for kriminalitet. Ein kort dom indikerer også at lovbrotet ikkje er av dei mest alvorlege, og det er difor urovekkjande at ein slik dom nettopp kan vere det som fører til avbroten utdanning og dermed auka risiko for kriminalitet.

I kapittel IV såg vi at det totalt sett på undersøkingstidspunktet i mai 2009 var litt under halvparten av alle innsette (1 509 av 3 359) som hadde rett til vidaregåande opplæring utan å få slik opplæring i fengslet. Dette talet er vesentleg høgare enn det som var tilfelle i 2006, då vi estimerte at 850 av alle innsette hadde rett til vidaregåande opplæring utan å få det. I tillegg kjem så dei som får eller kan få rett når grunnopplæringa er fullført. I 2008 var det 1 263 elevplassar i norske fengsel (Fylkesmannen i Hordaland, 2009). Truleg er det fleire elevplassar no i 2009, men desse opplysningane indikerer likevel at det kan vere eit misforhold mellom tal innsette som har rett til vidaregåande opplæring og tal elevplassar i norske fengsel.

Det er også slik at heller ikkje alle utanfor fengsla nyttar retten dei har til vidaregåande opplæring. Likevel skulle ein tru at å bruke den tida ein sit i fengsel til å skaffe seg ei utdanning, burde vere svært så fornuftig og rasjonelt for dei fleste innsette, og særleg for dei som ikkje har fullført eller starta ei utdanning. Både individuelle og strukturelle grunnar kan vere årsaker til at dei innsette ikkje tek utdanning. Dei individuelle grunnane kan ha å gjere med mangel på ønske om

eller vilje til å ta utdanning; dei strukturelle kan ha å gjera med hindringar i sjølve utdanningssystemet. Generell mangel på motivasjon hos den enkelte innsette kan ha bakgrunn i dårleg røysle med skulen og at ein vegrar seg for å møte han att. Ein stor del innsette sit også på så korte dommar at dei ikkje finn det bryt verdt med å starte på utdanning i fengslet, og heller tenkjer at dei skal vente med det til dei har avslutta soninga. Størst er dei strukturelle problema, sett frå dei innsette si side, når dei ønskjer seg opplæring, men ikkje får det fordi tilboda som blir gitt ikkje passar den enkelte eller at tilboda manglar heilt. Det siste gjaldt tretten fengsel i Noreg då undersøkinga i 2006 vart gjennomført. I løpet av 2006 og 2007 vart det blitt etablert opplæringstilbod i alle norske fengsel. Styresmaktene har altså eliminert dette strukturelle hinderet.

Ei anna viktig strukturell hindring er at tilboden som blir gitt er skeivt. Dette viste også rapporteringa frå 2006. Dei innsette sine ønske om yrkesretta opplæring var langt større enn kva som fanst av yrkesretta vidaregåande opplæringstilbod samanlikna med allmennfaglege tilbod. I undersøkinga i 2009 spurde vi ikkje om grunnar til at dei innsette ikkje tok utdanning i fengsel. Blant dei som tok utdanning på undersøkingstidspunktet kom det likevel klart fram ønske om meir yrkesretta opplæring, noko som gjeld 28,8 prosent av dei innsette. Dette skjer trass i at det sidan 2006-undersøkinga har skjedd ei dreiling frå allmennfagleg opplæring til yrkesretta opplæring i norske fengsel (Fylkesmannen i Hordaland, 2009).

Undersøkinga i 2009 viser også at dei innsette er nøgde med utdanninga i fengsel. Dette samsvarer med det som var eit hovudfunn i den nordiske undersøkinga om opplæringa innan kriminalomsorga (Eikeland mfl., 2008) og med undersøkingar frå til dømes USA (Gee, 2006; Moeller, Day og Rivera, 2004). Dei som held på med det lågaste utdanningsnivået var mest nøgde, men dess lågare utdanningsnivå ein er på, dess meir yrkesretta opplæring ønskjer ein. Minst nøgde er dei som held på med universitets- eller høgskuleutdanning. Ein aukande del av dei innsette har studiekompetanse, og reformer innanfor høgare utdanning har gjort det vanskelegare å studere utan framme på studiestaden.

Skule og utdanning er den ressursen som legg det beste grunnlaget for at innsette skal klare seg i arbeid og samfunn. Difor har det svært mykje å seie at dei som sonar blir sikra rett til opplæring. For at denne retten skal bli reell var det heilt naudsynt at det vart gitt utdanningsstilbod i alle fengsla. Det er prisverdig at norske styresmakter dei siste åra har lagt til rette for dette. Den neste utfordringa er at fagtilboda må bli langt meir varierte enn i dag. Under slike forbetra strukturelle forhold vil det truleg bli lettare å få den einskilde innsette til å sjå verdien av å nyttiggjere seg eit opplæringstilbod, som til sist altså kan vere heilt avgjerande for eit kriminalitetsfritt liv.

Utdanningsønske

Undersøkinga i 2006 viste at over halvdelen (54 prosent) av dei innsette hadde minst eitt utdanningsønske (Eikeland mfl., 2006). Den gongen stilte vi dette spørsmålet: "Ønsker du å begynne på noen av utdanningene som er ført opp nedenfor?", før vi lista opp alternativ knytte til dei tre nivåa av utdanning. I tillegg hadde dei som svara høve til å kryssa av for kategorien "annen utdanning", noko åtte prosent gjorde (t.d. datakort, språkkurs, mv.). Spørsmålet hadde altså ein generell karakter, og var ikkje knytt til tida i fengsel eller framtida generelt (sjølv om mange t.d. kan ha tenkt i *fengsel* eller *framtid etter soning* då dei kryssa av). Denne gongen stilte vi to spørsmål knytt til ønske: "Hvilken utdanning ønsker du å ta nå mens du er i fengsel?" og "Hva er ditt endelige ønske om høyeste fullført utdanning?" Svara på det *første* spørsmålet viser at 71,4 prosent hadde minst eitt utdanningsønske (41,8 prosent kryssa av for formell utdanning, medan 29,6 prosent kryssa av for anna utdanning, (t.d. språkkurs, datakurs, brevkurs). Samanlikna med undersøkinga i 2006 er det no ut frå svara på dette *første* spørsmålet fleire som ønskjer utdanning, men med den reservasjonen at spørsmåla er stilt ulikt i dei to undersøkingane.

Det at fleire no ønskjer utdanning kan ha å gjera med at det, i motsetnad til i 2006, finst tilbod om utdanning i alle norske fengsel. Fleire innsette vil såleis i dag sjå på det å ta ei utdanning som meir realistisk. Samanliknar vi dei som kryssar av for formelle utdanningsløp er likevel prosentdelen i 2006 og 2009 om lag like høge. Det er kategorien "annen utdanning" som representerer veksten i tal ønske. Dette kan ha samanheng med at i dei fengsla som har etablert skule sidan 2006, er det mange tilbod om korte, arbeidslivskvalifiserande kurs (Fylkesmannen i Hordaland, 2009). Dette er verd å merke seg når ein legg til rette for framtidige kurs. Svært mange innsette i norske fengsel sonar som nemnt korte domar, og vil dermed lettare kunne sluttføre korte kurs. Prosentdelen som har minst eitt utdanningsønske er lågare enn dei 85 prosent som i Fridhov (1991) si undersøking sa at dei ønskte opplæring medan dei sat inne, men høgare enn dei 51,5 prosent som Skarðhamar (2002) fann ville ta opplæring under soning.

Det er eit fåtal av dei innsette som medan dei er i fengsel ønskjer å ta grunnskule. Meir enn ein firdel av dei ønskjer å ta vidaregåande opplæring og tolv prosent ønskjer å ta høgare utdanning. Dess lengre dom dess oftare ønskjer ein å ta utdanning i fengsel. Norske innsette ønskjer i minst grad å ta utdanning i fengsel. Derimot er det dei frå Afrika og Asia som i størst grad ønskjer å ta utdanning i fengsel, og mellom dei finn ein den største gruppa som ønskjer å ta grunnskule. Det er små kjønnsskilnader.

Det er i aldersgruppene under 45 år ein finn flest som ønskjer å ta utdanning i fengsel. Ein slik tendens kan særleg forklarast med at dei yngre i mindre grad enn dei eldre har gjennomført utdanning. Det er også slik at det vert mindre aktuelt å ta utdanning når ein har nådd ein viss alder, fordi dei grunnleggjande dugleikar skule og utdanning krev har kome på avstand. Skilnaden mellom yngste aldersgruppe (under 25 år) og eldste (over 44 år) er likevel ikkje stor. Blant førstnemnde er det 72,6 prosent som har minst eitt utdanningsønske, medan det er 64,6 prosent i eldste gruppa som har minst eitt ønske. Denne skilnaden var klart større i 2006. Prosentdelen med minst eitt utdanningsønske var då 65,4 blant dei under 25 år; han var 35,7 prosent

blant dei over 44 år. Ein av dei klaraste skilnadene mellom dei to undersøkingane er at det er langt fleire i 2009 enn i 2006 (38,4 mot 12,6) som ønskjer anna utdanning enn den formelle, slik som språkkurs, datakurs og korte arbeidskvalifiserande kurs. Skilnadene mellom svara i dei to undersøkingane kan i stor grad ha å gjera med at vi no så spesifikt har knyttt spørsmålet til tida i fengsel. Dette kan klarare ha avdekt utdannings- eller opplæringsbehov i den eldste aldersgruppa. Ei anna forklaring kan vera eit aukande medvit hos innsette om at slike kurs kan vere nyttige, både for å utnytte tida i fengsel og med tanke på framtidta.

I undersøkinga i 2006 (Eikeland mfl., 2006) var yrkesfagleg vidaregåande opplæring og fag- eller sveinebrev dei ønska som oftast vert nemnde når dei i eit eige spørsmål skulle spesifisera kva dei ønskte mest. Spørsmålet "Hva er ditt endelige ønske om høyeste fullført utdanning?" gir støtte til eit slikt ønske. Heile 28,8 prosent av dei innsette ønskjer yrkesutdanning som si høgaste fullførte utdanning. Til samanlikning er det berre 9,3 prosent som har allmennfagleg vidaregåande opplæring som slikt ønske. Det er 30,3 prosent av dei innsette som har universitets- eller høgskuleutdanning som endeleg utdanningsønske. Ein bør her merke seg at det berre er fire prosent som tek del i slik høgare utdanning medan dei er i fengsel.

Ein god del innsette som allereie har fullført utdanning på eitt nivå, ønskjer å ta slik opplæring om att. Grunnen kan vere at dei ønskjer å forbetra resultata, eller at dei, særleg for vidaregåande yrkesfagleg opplæring, ønskjer ei utviding av den utdanninga dei har. Mange av dei innsette som har einskildfag på universitet eller høgskule ønskjer å ta meir slik utdanning. Dette er forstædeleg, fordi dei dermed kan samle fag til ein grad. Det er også omlag like stor prosentdel som allereie har ein grad som ønskjer meir av slik utdanning. Forklaringa kan vere at dei ønskjer å utvida frå lågare til høgare grad, eller at dei finn at den beste måten å utnytta soningstida på er å sikta mot enno eit fag eller ein grad. Denne tankerekka er også gyldig som forklaring på at personar med utanlandsk opphav har tendens til å ønskje meir høgare utdanning enn det dei allereie har. Det at så mange har ønske om høgare utdanning, tilseier at det vert lagt til rette for at dei kan studere under soning.

Vi såg også på dei innsette sine endelege utdanningsønske ut frå kva dei hadde av ønske i fengslet. Heile to av tre som ikkje hadde ønske i fengslet oppgav heller ikkje endeleg utdanningsønske. Nesten halvparten av dei som hadde ønske om grunnopplæring i fengslet hadde også det nivået som endeleg ønske. Viktigast er det truleg å leggje merke til at halvparten av dei som har ønske om vidaregåande opplæring i fengslet har yrkesopplæring som endeleg ønske; knappe ein av fem av desse har allmennfagleg opplæring som endeleg ønske.

Samla sett viser undersøkinga at eit klart fleirtal av dei innsette ønskjer å ta meir utdanning. For utanforståande som ikkje er kjent med innsette sine ønske, kan dette verka overraskande. Svært mange av dei innsette har truleg negative røynsler med skule og utdanning. Kvifor ønskjer dei då å ta meir av det ein trur dei mislikar? Costelloe (2003) skriv at innsette som tidleg har falle ut or det ordinære skule- og utdanningstilbodet i utgangspunktet vil vise motstand mot det som smakar av undervisning og læring. Paradoksalt nok er det likevel slik, finn ho i Irland, at tida i fengsel gir dei høve til å revurdere slik motstand. Etter å ha opplevd nytte ved opplæring i fengsel, utviklar gjerne desse innsette interesser dei ikkje hadde før, og dermed også meir motivasjon for vidare utdanning.

Det er altså, medan dei er i fengsel, klare uttrykte ønske om å ta utdanning, anten knytt til dei formelle utdanningsnivåa eller til meir kortvarige kurs. Korleis samsvarer dette med utdanning hos tidlegare innsette etter avslutta soning? Skarðhamar og Telle (2009) viser at mest ingen kjem i utdanning etter at dei slepp ut. Dette kan vi tenkje oss både har individuelle og strukturelle forklaringar. Dei individuelle forklaringane kan i stor grad ha å gjere med mangel på samsvar mellom intensjonar og oppfølging av dei. Dette er noko ein ser hos mange menneske, men det er grunn til å tru, ut frå personleg historie, at særleg mange innsette slitt med å følgje opp planar. Dei strukturelle forklaringane kan vere knytt til at innsette etter avslutta soning møter vanskar dei ikkje meistrar eller at oppfølginga med tanke på å komme inn i utdanningsløp ikkje er god nok. Her ligg det eit særleg ansvar på kriminalomsorga, utdanningsstyresmaktene og andre offentlege instansar som har ansvar for personar som avsluttar soning.

Sjølvvurdering av dugleik

Kor påliteleg er sjølvvurdering av dugleik og lærevanskar? Som eit ledd i avviklinga av ei internasjonal leseundersøking kom det fram at deltakarane i stor grad framstilte seg langt meir dugande enn kva som vart avdekt gjennom undersøkingar (Gabrielsen, 2000). Frå internasjonale studiar er det også vist at omlag kvar tredje vaksen person i Noreg manglar dugleik til å lese på det nivået som eit moderne kommunikasjonssamfunn krev (Gabrielsen, 2005), og denne prosentdelen er høgare i mange andre land som inngår i same undersøking. Vi har i tidlegare undersøkingar blant innsette sett tilsvarande: respondentane rapporterer høgare dugleik i lesing, rettskriving og rekning enn kva det er grunnlag for når vi også gjennomfører undersøkingar av kva som er faktisk. Likevel er det slik at sjølvvurderinga korrelerer relativt høgt med målt dugleik. Deltakarane er med andre ord gode til å vurdere kor dyktige dei er i forhold til eiga referansegruppe (dvs. andre i same situasjon). Skalaen måler likevel ikkje det faktiske, men i kva grad ein opplever eigne dugleikar som tilfredsstillande i forhold til dei lese- eller skriveoppgåvene ein til vanleg er utsett for. Dersom dagleg lesing er avgrensa til å skumme overskriftene i avisar, lese korte sportsreferat og eventuelt teikneseriar, stiller dette små krav til kor dugande ein er til å lese, og ein opplever truleg å meistre dette. Dersom leseoppgåvene blir endra til også å gjelde lesing av samanhengande tekst, dvs. tekst som inneholder eit større og meir avansert ordforråd eller krev bruk av anna form for informasjon (t.d. tabellar), blir krava til å kunne lese større. Når lesekrev veks, vil dei svaktlesande i større grad oppleve mangelfull meistring. Auka krav til å kunne lese vil i mange tilfelle først komme som ytre eller formelle krav ved utdanning eller jobbsøknad, eventuelt som jobbkrav ved tilsetting, og langt sjeldnare fordi personen sjølv er (indre) motivert for å oppsøkje eller la seg utsetje for mindre tilgjengeleg litteratur.

Vi har også sett at metoden som ein brukar for sjølvvurdering, har noko å seie for korleis deltakarane responderer. Dersom ein nyttar spørsmål med berre to svaralternativ (t.d. kan/kan ikkje, eller har/har ikkje), får ein ei opphoping av svar i kategorien som blir opplevd som positivt lada. Dersom ein innfører en midtkategori (t.d. middels god/litt) blir biletet litt meir nyansert. Framleis vil fleirtalet vurdere seg

sjølv til å vere "middels eller over middels", sjølv om vi veit at statistisk sett er det like mange som er under som over middels uansett kva evne eller dugleik som blir studert. Vidare har det også noko å seie om ein ber om vurdering av dugleikar eller om ein ber om vurdering av vanskar innanfor ulike område av fungering. Det er klart at det er rom for å ha litt vanskar på nokre område, men framleis også kunne vurdere sine evner som gode.

Blant dei innsette i denne undersøkinga er det nær nitti prosent som meiner at lesedugleiken er middels eller betre. Vidare er det i overkant av åtti prosent som seier det same om dugleiken i skriving og sytti prosent når det gjeld matematikk. Sekstisu prosent vurderer dugleiken sin i ikt som middels eller over det. Prosentdelen som seier at dugleiken er 'god' eller 'svært god' utgjer 67 prosent i lesing, 57 prosent i skriving, 37 prosent i matematikk og 35 prosent i ikt. Tala varierer ein del over aldersgruppene, og det er særleg den eldste gruppa (over 44 år) som skil seg ut med høg sjølvvurdering når det gjeld lesing og skriving, til dels også i matematikk. På den andre sida er det i denne gruppa at ein finn den største delen innsette som oppfattar seg svakast når det gjeld bruk av ikt-utstyr. Om vi ser sjølvrapporterte dugleikar i høve fødelandsopplysningane, er det i særleg grad innsette med asiatisk opphav som skil seg ut med sjølvvurderinger som ligg lågare enn innsette frå andre delar av verda. Innsette frå Asia har den høgaste prosentdelen som seier at dei er 'svært svake' i lesing og skriving. Innsette frå Asia saman med dei frå Amerika er den gruppa som har høgast del 'svært svake' i matematikk. På den andre sida av skalaen er det innsette frå Asia som då utgjer den minste prosentdelen som seier at dei er 'svært gode' i alle fire områda vi har spurt dei om: lesing skriving, matematikk og ikt.

Det er vanskeleg å vite kva skilnadene som vi har sett med omsyn til dei innsette sitt opphavslend kan skuldast. Attspeglar det reelle skilnader i dugleik eller viser det meir generelle etniske og kulturelle skilnader i måten å framstille seg sjølv på? Kor sosialt legitimt det er å framheve kor dyktig ein er kan variere på tvers av kulturar. Skjemaet var omsett til engelsk som ei støtte til innsette med anna (språkleg) opphav enn norsk (eller skandinavisk). Dette skaper ein del vanskar rundt tolkinga av svar frå innsette med anna språk og etnisitet enn norsk, skandinavisk og engelsk. Ein del av dei usikre momenta dreiar seg om dei innsette med opphavslend utanfor Noreg har tolka spørsmåla i forhold til kor dyktige dei er til å lese på norsk eller på morsmålet. Vi skal heller ikkje sjå bort frå at sjølve omsetjinga av skjemaet til engelsk har skapt variasjon i nyansane i det som opphaveleg var meint. Dette vil då kunne gjelde både spørsmåla og svaralternativa.

Måten dei innsette vurderer dugleiken sin på heng saman med kor gamle dei er. Vi har også sett at utdanningsnivået blant dei innsette varierer systematisk med alderen deira: ein større del av dei eldste innsette rapporterer å ha gjennomført høgare utdanning. Det er då også naturleg å tenkje seg at høgare utdanning heng saman med kor dyktig ein er til å lese. Dette kan såleis vere ein årsaksfaktor, ved at dei innsette som er gode til å lese i større grad gjennomfører høgare utdanning enn dei som er svakare til å lese. Kor dyktig ein er til å lese kan også vere verknadsfaktor. Innsette som har gjennomført høgare utdanning er i større grad blitt eksponert for avanserte lesekrev og dei har dermed fått vidareutvikla lesedugleiken i langt større grad enn innsette som har avslutta utdanninga på eit lågare nivå.

Sjølvurdering av lærevanskar

Dersom vi ser på sjølvurdering av vanskår, så rapporterer omlag førti prosent av dei innsette at dei i liten eller større grad opplever å ha vanskår med lesing og skriving, medan åtte prosent rapporterer å ha svært store vanskår med lesing og skriving. Nesten dobbelt så mange rapporterer å ha gradar av vanskår med matematikk, og nært sytten prosent seier at dei har svært store vanskår med matematikk. Det er regionale skilnader i rapporteringsmønsteret. Innsette med opphav i Asia og Afrika rapporterer i større grad vanskår med lesing og skriving, men skilnadene er mindre klare når det gjeld eiga vurdering av matematikkvanskår. Igjen må vi ta høgde for at omsetjinga av spørjeskjemaet og etniske og kulturelle forhold, kan ha hatt noko å seie for korleis dei innsette med ikkje-norsk (eller ikkje-skandinavisk) opphav har svart her. Variasjonen i materialet kan ha blitt påverka av om dei innsette har rapportert i forhold til morsmålet eller om dei har rapportert i forhold til norsk eller engelsk som framandspråk.

Alder til dei innsette gir store skilnader i rapporterte vanskår, og også korleis vanskane fordelar seg over dei basale duglikeane lesing, skriving og matematikk. Omlag halvparten av dei innsette i den yngste aldersgruppa (18-24 år) rapporterer at dei opplever vanskår i lesing; i overkant av seksti prosent seier at dei har vanskår i skriving og meir enn fire av fem (83 prosent) seier at dei har vanskår i matematikk. I den eldste aldersgruppa, dvs. innsette over 44 år, er det til samanlikning ein tredjepart som seier at dei har vanskår med lesing, ein noko høgare prosentdel seier at dei har skrivevanskår og seks av ti å ha vanskår med matematikk.

Om vi held denne informasjonen saman med kunnskap frå generell studiar av folkesetnaden, ser vi at det blant innsette er eit klart større omfang som rapporterer nedsett duglik og som også rapporterer ulike gradar av vanskår innanfor sentrale funksjonsområde som er viktige for utdanning og yrkeskarriere i eit moderne samfunn. Dette funnet er også klarast blant dei yngste innsette, noko som gjer denne gruppa endå meir sårbar i forhold til det å meistre arbeidslivet og tilpassing og inkludering i samfunnet. Basert på tidlegare funn blant innsette (Asbjørnsen, Jones og Manger, 2007; Asbjørnsen, Manger og Jones, 2007) ser vi at trass i høg grad av samvariasjon mellom sjølvrapporterte og objektive leseduglikear er det ei klar underrapportering av vanskår i lesing. Det er også truleg også lite medvit om eigne avgrensingar i det å lese og skrive. Dette fell inn under det ein kan kalle "selektiv eksponering": Ein oppsøkjer i hovudsak utfordringar som passar med kor dugande ein er, og søker å unngå oppgåver som stiller krav ut over det. Dette medfører også "selektiv tilbakemelding". Sidan ein meistrar den "selektive oppgåva" vil ein også bli styrka i si oppleveling av at ein er god til å lese, men når ein blir stilt overfor større objektive krav om duglik vil sjansen for å meistre vere langt lågare. I tillegg har vi tidlegare også funne, i tråd med internasjonale studiar (Samuelsson mfl., 2000; Samuelsson mfl., 2003; Samuelsson mfl., 2004), at førekomensten av spesifikke lese- og skrivevanskår (dysleksi) ikkje er vesentleg høgare blant innsette enn blant folket elles, men at generelle lese- og skrivevanskår basert på ulike manglar ved rammevilkåra rundt utviklinga av leseduglikeien (dvs. mangelfull skulegang og opplæring, mangelfull heimestimulering, mangelfull lesetrening og leserøynsle) utgjer hovudkategorien og den dominante delen av lesevanskane som blir avdekt blant innsette.

Det er gjennomgåande at dei innsette vurderer dugleiken sin i matematikk som svakare enn i lesing og skriving, og skrivedugleiken som svakare enn i lesedugleiken. Vidare, og i tråd med dette, rapporterer også langt fleire innsette at dei har større vanskar med matematikk enn med lesing, og at vanskar i det å skrive blir vurdert til å vere ein stad mellom dei vanske dei opplever i matematikk og lesing. Dersom dette skal omsetjast i praktiske tiltak, er det svært viktig å styrke det som er grunnleggjande dugleik innanfor alle disiplinane lesing, skriving og matematikk, men kanskje først og fremst konsolidere dugleik både i lesing og skriving, for å gje den naudsynte plattforma for vidare opplæring og utdanning.

Praktiske følgjer av funna

Undersøkinga viser at den gjennomsnittlege innsette har låg utdanning og lite tilknyting til arbeidsmarknaden, samanlikna med folk flest. Det er difor viktig at kriminalomsorga, utdanningssektoren og NAV-tenestene samarbeider om utdannings- og arbeidsmarknadstiltak, under og etter soning. Slike tiltak retta mot innsette må følgjast opp med grundige effektevalueringar. Utdanning og arbeid er viktig for tilbakeføring til samfunnet, men til no veit ein for lite om kva spesifikke tiltak som er mest effektive med tanke på å redusere tilbakefall til kriminalitet.

Noreg er det landet i Europa som fekk den første parlamentsmeldinga om opplæring innanfor kriminalomsorga. I stortingsmelding nr. 27 (2004-2005) med påfølgjande innstilling til Stortinget, nr. 196 (2004-2005) frå Kyrkje- utdannings- og forskingskomiteen, vart det framheva som viktig å få kartlagt behovet for rettsbasert opplæring blant innsette i norske fengsel. Det er difor viktig at kriminalomsorg og utdanningsstyremakter til ei kvar tid kartlegg kven av dei innsette, særleg dei unge, som manglar obligatorisk grunnopplæring og vidaregående opplæring. Undersøkinga viser altså at berre vel ein av ti innsette under 25 år har fullført vidaregående opplæring. Det er difor viktig at informasjon og rettleiing til denne gruppa blir styrka. Mange av dei unge innsette har korte dommar, og som peika på tidlegare er det eit paradoks at korte dommar blir eit hinder for å ta utdanning. Innsette med kort soningstid må vurderast med tanke på realkompetanse, og det må leggjast planar som motiverer til vidare utdanning og opplæring etter avslutta soning.

Det er på kort tid lagt til rette for utdanning i alle norske fengsel. Dette har medverka til at nær halvdelen av dei innsette no tek opplæring i fengsel. Utdanningstilboda er likevel for lite varierte og for lite tilpassa dei innsette. Særleg er det behov for fleire yrkesretta tilbod, noko som også blir klart formulert som ønske frå dei innsette. Såleis er det samsvar mellom deira ønske og den norske arbeidsmarknaden sine behov. Dei som tek utdanning i fengsel er stort sett nøgde med tilboda. Det er likevel grunn til å leggje merke til at dei som held på med universitets- og høgskuleutdanning er mindre nøgde enn dei andre. Det er også svært mange som ønsker slik utdanning, men få som held på med det medan dei er i fengsel. Tilgangen på høgare utdanning i fengsel må difor betrast, til dømes gjennom at det blir betre høve til å studere under permisjon og betre lagt til rette

for sjølvstudium under rettleiing i fengslet. Betring her er også avhengig av at konflikten mellom kriminalomsorga sitt behov for tryggleik og studentane sitt behov for å bruka ikt som verktøy blir løyst på ein god måte.

Mange innsette frå andre deler av verda, til dømes Afrika, har ingen eller svært låg utdanning. Det er viktig at kriminalomsorga og opplæringa innanfor kriminalomsorga er merksame på desse gruppene sine særskilde behov, skaffar seg meir kunnskap om dei og legg til rette for opplæring som dei kan vera tente med, under soning og etterpå.

Nedsett lesedugleik kan som vi har vist skuldast ulike forhold, der ein av grunnane er spesifikke lærevanskar eller dysleksi. Om det er mistanke om dysleksi er det grunnlag for å gjere ei grundigare undersøking av evner og føresetnader for å utvikle lesedugleiken, og særskilte opplæringstiltak som byggjer på det som er sterke dugleksområde og oppøving av dugleik som er svakt utvikla. Dersom nedsett lesedugleik kan bli forstått som mangelfull leselæring eller mangelfull oppøving av lesedugleiken, men der kor dei grunnleggjande lesetekniske forholda er etablert, vil stimulering til meir lesing og bruk av meir avanserte tekstar kunne betre lesedugleiken. Dette kan til dømes skje gjennom aktiv bruk av bibliotekressursar, lesesirklar eller aktiv bruk av ulike former for litteratur i skullearbeidet.

Både den dokumenterte mangelen på utdanning blant innsette, den dokumenterte retten til opplæring og dei innsette sine klare ønske om å ta utdanning viser at dei har behov for å ta meir skule og utdanning. Desse behova må imøtekoma, både gjennom opplæringstilboda i fengsel og gjennom hjelp med å realisera utdanningsønske etter avslutta soning. For at retten til opplæring skal bli reell, er det heilt naudsynt at fagtilboda blir meir varierte enn i dag, særleg med tanke på å imøtekoma behovet for yrkesretta opplæring.

Appendiks

Spørjeskjemaet som rapporten byggjer på.

Delane av spørjeskjemaet som ikke er omtala i denne rapporten blir grunnlag for rapportar som kjem seinare, i 2010.

Til deg som får dette skjemaet

Dette spørreskjemaet handler om utdanning, dataferdigheter og leseferdigheter. Det blir også stilt spørsmål om din bakgrunn, eventuelle lærrevansker og psykisk helse. Slike forhold kan virke inn på læring og valg av utdanning.

Spørreskjemaet er sendt til alle personer over 18 år som sitter i norske fengsler. Undersøkelsen er et oppdrag fra Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Universitetet i Bergen er ansvarlig for gjennomføringen.

Spørreskjemaet følger opp stortingsmeldingen (nr. 27, 2004-2005) om fengselsundervisning, og er et ledd i arbeidet med å utvikle opplæringen innenfor kriminalomsorgen. Her understrekkes det at personer som sitter i fengsel har samme rett til opplæring som alle andre i samfunnet. Det vektlegges også at opplæringen i fengsel skal bygge på best mulig kunnskap, også fra forskning.

Det er frivillig å svare på skjemaet, og deltagelse vil ikke gi deg noen personlige fordeler. Du kan når som helst og uten å oppgi grunn trekke deg fra undersøkelsen. Dette vil ikke få konsekvenser for dine soningsforhold. Vi håper likevel at du vil være med. Høy svarprosent er viktig for at innsatte skal få sine rettigheter til utdanning ivaretatt og for at planleggingen av utdanning under og etter soning skal bli god.

Om du ønsker det kan familie eller venner hjelpe deg med å gi informasjon om prosjektet og med utfylling av spørreskjemaet. Fengselspersonalet kan også hjelpe dersom du ikke har noe i mot det.

Undersøkelsen er forskriftsmessig meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS, og godkjent av Den regionale komité for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk i Vest-Norge (REK-Vest). Du skal ikke skrive navnet ditt på skjemaet. Et nummer for fengselet du er i påføres en konvolutt med alle svarene fra ditt fengsel. Dette gjøres for å få kunnskap om opplæringen i det enkelte fengsel. Den forskeren som behandler skjemaene har taushetsplikt, og alt behandles konfidensielt. Det skal skrives rapporter og artikler basert på alle svarene. Ingen enkeltpersoner kan gjenkjennes i det som skrives. Innsamlede opplysninger vil bli slettet ved prosjektslutt, 31. desember, 2010.

Du skal svare på de fleste spørsmålene ved å krysse av i den ruten eller de rutene som passer best for deg. På noen spørsmål skriver du svaret på linjen bak spørsmålet.

Takk for god og svært nyttig hjelp!

*Vennlig hilsen
Arve Asbjørnsen og Terje Manger
prosjektledere*

Først noen spørsmål om hvem du er:

1. Kjønn:

Mann

Kvinne

2. I hvilket år ble du født? I 19.....

3. I hvilket land ble du født?

.....

4. Hva regner du som ditt morsmål?

.....

5. I hvilket eller hvilke land ble dine foreldre født?

.....

6. Hva er ditt fengslingsgrunnlag? (Sett kryss i den ruten som passer for deg.)

Dom

Sikring/forvaring

Varetekts

Sitter du i varetekts så gå direkte til spørsmål 9

7. Om du er domfelt: hva er du dømt for nå?

.....

.....

8. Hvor lang dom har du nå? (Sett kryss i den ruten som passer for deg.)

Under 3 måneder

3-12 måneder

Mellom 1 og 5 år

Over 5 år

9. Om du sitter i varetekts: hva sitter du i varetekts for nå?

.....

10. Har du tidligere vært domfelt?

Ja

Nei

11. Hvor mange ganger er du domfelt og for hva?

Antall ganger:

For hva?

12. Hvor gammel var du første gang du ble tatt av politiet?

Under 12 år

12 -15 år

15 - 18 år

Over 18 år

Utdanning og arbeid

13. Hva er den høyeste utdanning du har fullført? (Sett kryss i den ruten som passer for deg.)

Jeg har ikke fullført noen utdanning

10-årig grunnskole eller kortere

1 år videregående opplæring (skole)

2 år videregående opplæring (skole)

3 år eller mer videregående opplæring (skole)

Enkeltfag på universitet eller høyskole

Gradsutdanning på universitet eller høyskole

14. Hvis du har fullført videregående opplæring (skole), hvilken type tok du?

Allmennfaglig

Yrkesfaglig

15. Deltar du i noen av utdanningene som er ført opp nedenfor nå mens du er i fengsel? (Sett kryss i den ruten som er aktuell.)

Nei, jeg deltar ikke i noen utdanning

Grunnskole

Videregående opplæring, VG1 (før GK)

Videregående opplæring, VG2 (før VK1)

Videregående opplæring, VG3 (før VK2)

Utdanning på universitet eller høyskole

Annet (f.eks. språkkurs, datakurs, brevkurs) ..

16. Hvilken utdanning ønsker du å ta nå mens du er i fengsel? (Sett kryss i den ruten som er aktuell.)

Jeg ønsker ikke utdanning i fengselet

Grunnskole

Videregående opplæring, VG1 (før GK)

Videregående opplæring, VG2 (før VK1)

Videregående opplæring, VG3 (før VK2)

Universitets- eller høyskoleutdanning

Annet (f.eks. språkkurs, datakurs, brevkurs) ..

17. Hva er ditt endelige ønske om høyeste fullført utdanning? (Sett kryss i den ruten som passer.)

Jeg har ingen ønsker om mer utdanning

Grunnskole

Yrkesutdanning

Allmennfaglig videregående opplæring

Universitets- eller høyskoleutdanning

18. Hva slags arbeid har du hatt? (Sett kryss i den eller de rutene som passer for deg. For arbeid som du har krysset av før, skriver du hvor mange år og måneder du til sammen har hatt dette arbeidet.)

Jeg har ikke hatt arbeid

Ufaglært arbeid år måneder (mnd)

Fagarbeid år mnd

Arbeid som krever høyere utdanning.....årmnd

Selvstendig næringsdrivende år mnd

Hjemme som forelder år mnd

Annet (skriv hva)
..... år mnd

Hva du synes om utdanningen i fengsel. (Spørsmål 19 skal bare besvares av deg som holder på med utdanning i fengsel.)

19. Hvordan opplever du utdanningen i fengsel?

	Helt enig	Litt enig	Usikker	Litt uenig	Helt uenig
Jeg er fornøyd med undervisningen	<input type="checkbox"/>				
Den utdanningen som tilbys passer for meg	<input type="checkbox"/>				
Jeg ønsker mer yrkesopplæring	<input type="checkbox"/>				
Jeg ønsker flere teorifag	<input type="checkbox"/>				

Om dine ferdigheter

(Sett ett kryss på hver linje i spørsmål 20 og 21.)

20. Hvordan vil du beskrive dine ferdigheter i:

	Svært svake	Svake	Middels	Gode	Svært gode
Lesing	<input type="checkbox"/>				
Skriving	<input type="checkbox"/>				
Matematikk	<input type="checkbox"/>				
Data (IKT)	<input type="checkbox"/>				

21. Opplever du vansker med lesing, skriving eller matematikk?

	Ja, i svært stor grad	Ja, i noen grad	Ja, men bare litt	Nei, ikke i det hele tatt
Lesing	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Skriving	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Matematikk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

22. Har du vært *henvist for utredning (testing)* eller *fått spesialundervisning* som følge av lese- og skrivevansker? (Her er flere kryss mulig.)

	Nei	Ja, i grunnskolen	Ja, i videregående	Ja, i høyere utdanning	Ja, i fengsel
Henvist for utredning	<input type="checkbox"/>				
Fått spesialundervisning	<input type="checkbox"/>				

I spørsmål 23 og 24 er flere kryss mulig

23. Har du fått diagnostisert spesifikke lese- og skrivevansker/dysleksi?

- Ja, i grunnskolen
 Ja, i videregående opplæring (skole)
 Ja, på universitet/i høyere utdanning
 Ja, i fengselet
 Nei, aldri

24. Har du fått diagnostisert ADHD?

- Ja, i førskolealder
 Ja, i grunnskolen
 Ja, i videregående opplæring (skole)
 Ja, på universitet/i høyere utdanning
 Ja, i fengselet
 Nei, aldri

25. Hadde du eller dine foreldre kontakt med barnevernet under din oppvekst?

- Ja
 Nei

26. Kjenner du til at noen i din *biologiske* familie har lese- og skrivevansker?

Ja Nei
 Mor
 Far
 Søsken (en eller flere)

Grunner til å ta utdanning i fengsel

Nedenfor følger noen grunner for å ta utdanning i fengsel. Enten du ta utdanning i fengslet eller ikke, hvor viktig vurderer du hver av grunnene? (Sett ett kryss på hver linje.)

	Svært viktig	Viktig	Liten betydning	Ingen betydning
For lettere å få jobb etter løslatelsen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å benytte tiden til noe fornuftig og nyttig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å tilfredsstille min lærerlyst	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å lette soningen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å bruke skolen her som overgang til skole etter løslatelse	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fordi venner går på skolen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å få større tro på meg selv	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fordi det er bedre enn å jobbe i fengsel	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Å bli oppfordret av noen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å kunne delta i det sosiale miljøet på skolen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å få større frihet på dagtid	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For lettere å unngå lovbrudd etter løslatelsen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å ta eksamen/forbedre karakter	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å tilegne meg faglig kunnskap	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å mestre tilværelsen etter løslatelse	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Disse spørsmålene dekker en del dagligdagse erfaringer som kan være knyttet til det å lese og skrive. Svar Ja eller Nei på hvert spørsmål. Ikke hopp over noen. Om du er i tvil, svar det du synes er mest rett.

	Ja	Nei
1. Har du vansker med å si hva som er høyre og venstre?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2. Er det å lese kart, eller finne veien til en ukjent plass forvirrende?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
3. Misliker du å lese høyt?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
4. Bruker du lenger tid enn du burde på å lese en side i en bok?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
5. Synes du det er vanskelig å huske meningen i det du nettopp har lest?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
6. Misliker du tykke bøker?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
7. Er rettskrivingen din dårlig?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
8. Er håndskriften din vanskelig å lese?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
9. Blir du nervøs om du må snakke i en forsamling?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
10. Synes du det er vanskelig å ta imot beskjeder på telefon, og gi de videre korrekt?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
11. Når du skal si et langt ord, synes du noen ganger at det er vanskelig å få alle lydene i rett rekkefølge?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
12. Synes du det er vanskelig å regne i hodet uten å bruke fingrene eller papir?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
13. Når du bruker telefonen, har du en tendens til å blande tallene når du slår nummeret?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
14. Synes du det er vanskelig å si månedene i året etter hverandre på en flytende måte?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
15. Synes du det er vanskelig å si månedene i året baklengs?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
16. Blander du sammen datoer og tidspunkt slik at du går glipp av avtaler?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
17. Gjør du ofte feil når du skal fylle ut et skjema?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
18. Synes du at skjema er vanskelige og forvirrende?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
19. Blander du sammen tall som 95 og 59?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
20. Syntes du at det var vanskelig å lære gangetabellene på skolen?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Disse spørsmålene dekker en del dataferdigheter (IKT-ferdigheter). Hvor mye synes du at du kan innen følgende områder? (Sett ett kryss for hvert utsagn.)

	Kan ikke noe	Kan litt	Kan ganske mye	Kan nesten alt	Kan alt
1. Bruke tastaturet på en datamaskin	<input type="checkbox"/>				
2. Bruke musepekeren	<input type="checkbox"/>				
3. Bruke joystick	<input type="checkbox"/>				
4. Bruke Internett til å søke etter informasjon eller opplysninger	<input type="checkbox"/>				
5. Legge ut informasjon på Internett	<input type="checkbox"/>				
6. Skrive, sende og lese epost (email)	<input type="checkbox"/>				
7. Sende bilder eller andre dokumenter med epost (som vedlegg)	<input type="checkbox"/>				
8. Lage en egen personlig hjemmeside	<input type="checkbox"/>				
9. Bruke ”chatte”-program (for eksempel MSN)	<input type="checkbox"/>				
10. Sende bilder, dokumenter eller musikk på MSN	<input type="checkbox"/>				
11. Bruke datamaskin til å skrive brev	<input type="checkbox"/>				
12. Bruke grafikk eller tegneprogram	<input type="checkbox"/>				
13. Bruke minnepenn, cd eller diskett i datamaskinen	<input type="checkbox"/>				
14. Bruke regneark (for eksempel Excel)	<input type="checkbox"/>				
15. Bruke søkermotor (for eksempel Kvasir eller Google)	<input type="checkbox"/>				
16. Finne ut hvem som har opphavsrett til informasjon (bilder, tekst) på Internett	<input type="checkbox"/>				
17. Laste ned og installere program på en datamaskin	<input type="checkbox"/>				

Det å være i fengsel skaper ulike livssituasjoner. I hvilken grad føler du å ha eller ikke ha kontroll i disse situasjonene? (Vurder utsagnene på en skala fra 0 til 10. Tallet 0 betyr at du er ”helt uenig” og tallet 10 at du er ”helt enig”. Skriv det tallet som tilsvarer din oppfatning bak hver enkelt påstand.)

Helt uenig..... Helt enig
0 1 2 3 4 5 6 7 8 9 10

	Ta stilling til hvor enig eller uenig du er i utsagnene:	Vurdering
1.	Rehabilitering er mulig for meg når jeg sitter inne.	
2.	Du kan ikke unngå trøbbel når du sitter inne, fordi det oppsøker deg.	
3.	Som oftest er det umulig å forholde seg til betjentene.	
4.	Prøveløslatelse har mest med flaks å gjøre.	
5.	Uansett hvor hardt jeg prøver, så vil ikke systemet fire en tomme.	
6.	Jeg klarer ikke å få de ansatte til å legge merke til at jeg oppfører meg bra.	
7.	Det har lite for seg å planlegge noe mens man sitter inne for du vet aldri hva som vil skje.	
8.	Det meste av det som skjer med meg i fengsel er utenfor min kontroll.	
9.	I fengsel kan du ikke tenke før du handler.	
10.	Jeg kan ta ganske godt vare på meg selv i fengsel.	
11.	Vold i fengsel kan ikke unngås.	
12.	Jeg kan bruke nesten alle program til min fordel.	
13.	Innsatte styrer sin egen skjebne.	

	Ta stilling til hvor enig eller uenig du er i utsagnene:	Vurdering
14.	Hvordan jeg oppfører meg har betydning for hvor mye respekt betjentene viser meg.	
15.	Fengselsledelsen burde lytte til innspill fra de innsatte.	
16.	Det er ikke mye jeg kan gjøre for å unngå å kjede meg.	
17.	Jeg er i stand til å snu dette fengselsoppholdet til min fordel.	
18.	Det er i bunn og grunn opp til den innsatte om fengsel blir en mulighet eller en straff.	
19.	Samfunnet har fått meg hit, og samfunnet vil bestemme når jeg blir løslatt og om jeg vender tilbake til fengsel.	
20.	En innsatt kan ikke forventes å bevare roen når han eller hun sitter inne.	
21.	Når en innsatt får problemer, er det vanligvis et resultat av at ansatte misbruker autoriteten sin.	
22.	En innsatt har god kontroll over hvordan han eller hun blir behandlet.	
23.	Fengsel er så negativt at jeg ikke kan hjelpe for at jeg bli påvirket på en negativ måte.	
24.	Det skjer noe godt med innsatte som selv gjør noe godt.	
25.	Gruppepresset fra andre innsatte er så sterkt at det hindrer meg fra å oppføre meg bra.	

Nedenfor er det en del utsagn som beskriver vansker med oppmerksomhet og konsentrasjon. Les hvert utsagn og ta stilling til hvordan du mener dette passet på deg som barn.

Her er et eksempel: La oss si at du mener at det ”stemmer i liten grad” at du som barn var rastløs og nervøs. Da setter du en ring rundt tallet 1 ved utsagn 2, slik:



Som barn var jeg eller hadde jeg:		Stemmer ikke i det hele tatt	Stemmer i liten grad	Stemmer i middels grad	Stemmer i stor grad	Stemmer i svært stor grad
1.	Konsentrasjonsvansker, kunne lett distraheres	0	1	2	3	4
2.	Rastløs og nervøs	0	1	2	3	4
3.	Uoppmerksom, dagdrømte ofte	0	1	2	3	4
4.	Godt organisert, renslig og skikkelig	0	1	2	3	4
5.	Sinneanfall og følelsesmessige utbrudd	0	1	2	3	4
6.	Problemer med å fullføre oppgaver, avbrøt oppgaver før tiden	0	1	2	3	4
7.	Trist, ulykkelig og depressiv	0	1	2	3	4
8.	Ulydig mot foreldrene, rebelsk og motarbeidende	0	1	2	3	4
9.	Dårlig selvtillit	0	1	2	3	4
10.	Irritabel	0	1	2	3	4
11.	Sterke humørsvinginger, lunefull	0	1	2	3	4
12.	Flink elev, kvikk og lærenem	0	1	2	3	4
13.	Ofte hissig og temperamentsfull, kort lunte	0	1	2	3	4
14.	God motorikk og koordinasjon, ble alltid valgt først som medspiller	0	1	2	3	4
15.	En tendens til å være umoden	0	1	2	3	4
16.	Mistet ofte selvkontrollen	0	1	2	3	4

Som barn var jeg eller hadde jeg:

		Stemmer ikke i det hele tatt	Stemmer i liten grad	Stemmer i middels grad	Stemmer i stor grad	Stemmer i svært stor grad
17.	En tendens til å være eller handle ufornuftig	0	1	2	3	4
18.	Upopulær blant andre barn, holdt ikke på venner, kom ikke overens med andre barn	0	1	2	3	4
19.	Redd for å miste kontrollen over meg selv	0	1	2	3	4
20.	Rømte hjemmefra	0	1	2	3	4
21.	Innblantet i slagsmål	0	1	2	3	4
22.	Problemer med autoriteter, problemer på skolen, sendt til rektor	0	1	2	3	4
23.	Problemer med politiet	0	1	2	3	4
24.	En svak elev, lærte langsomt	0	1	2	3	4
25.	Hadde venner og var godt likt	0	1	2	3	4

Takk for hjelpen!

Litteraturreferansar

- Alfsen, C., Hanssen, Å. & Lyngvær Ramstad, S. (2008). *Realkompetansevurdering som metode i opplæringen innenfor kriminalomsorgen*. Oslo: VOX.
- Alm, J. & Andersson, J. (1997). A study of literacy in prisons in Uppsala. *Dyslexia*, 3, 245-246.
- Asbjørnsen, A. E., Jones, L. Ø. & Manger, T. (2007). *Innsatte i Bergen fengsel. Delrapport 2: Lesevaner, leseerfaringer og leseferdigheter*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland.
- Asbjørnsen, A. E., Jones, L. Ø. & Manger, T. (2008). *Innsatte i Bergen fengsel: Delrapport 3: Leseferdigheter og grunnleggende kognitive ferdigheter*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland.
- Asbjørnsen, A. E., Manger, T. & Jones, L. (2007). *Innsatte i Bergen fengsel: Leseferdigheter og lesevansker*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.
- Chamberlain, P. & Reid, J. (1994). Differences in risk factors and adjustment for male and female delinquents in Treatment Foster Care, *Journal of Child and Family Studies*, 3, 23-39.
- Chesney-Lind, M. & Sheldon, R. (1998). *Girls, delinquency, and juvenile justice*. Belmont, CA: Wadsworth.
- Christie, N. (1970). Modeller for fengselsorganisasjonen. I R. Østensen (red.), *I stedet for fengsel*. Oslo: Pax.
- Claesson, S. & Dahlgren, H. (2002). *Att studera i fängelse. Utvärdering av klientutbildning inom kriminalvården*. Rapport 6. Kriminalvårdens forskningskomité.
- Costelloe, A. (2003). *Third level education in Irish prisons: Who participates and why?* (Doctoral thesis). Milton Keynes: The Open University.
- Council of Europe (2006). *Committee of Ministers. Recommendation Rec (2006) 2 of the Committee of Ministers to member states on the European Prison Rules*.
- Den europeiske menneskerettkskonvensjonen i Lov 1999-05-21 nr. 30: *Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett* (menneskerettsloven).
- Diseth, Å., Eikeland, O.-J. & Manger, T. (2006). *Innsatte i norske fengsel: Utdanningskvalitet, læringsstrategier og motivasjon*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.

- Eikeland, O.-J. & Manger, T. (2004). *Innsette i norske fengsel: Utdanning og utdanningsønske*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland.
- Eikeland, O.-J., Manger, T. & AsbjørnSEN, A. (red.) (2008). Innsatte i nordiske fengsler: Utdanning, utdanningsønske og -motivasjon. København: Nordisk Ministerråd.
- Eikeland, O.-J., Manger, T. & Diseth, Å. (2006). *Innsette i norske fengsel: Utdanning, utdanningsønske og rett til opplæring*. Bergen. Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.
- Endestad T., Brandtzæg, P. B., Heim, J., Torgersen, L. & Kaare, B. H. (2004). „*En digital barndom? En spørreundersøkelse om barns bruk av medieteknologi*. NOVA, rapport 1, 2004.
- Fergusson, D. M., Horwood, L. J. & Nagin, D. S. (2000). Offending trajectories in a New Zealand birth cohort. *Criminology*, 38, 525-552.
- FN's konvensjon om barns rettigheter i Barnekonvensjonen (1993). *Rettigheter for barn i Norge*. Oslo: Redd Barna.
- Forster, W. (1990). The higher education of prisoners. In: S. Duguid (Ed.), *Yearbook of correctional education 1990*, 3-43. Burnaby, BC: Institute for the Humanities, Simon Fraser University.
- Fridhov, I. M. (1991). *Alt som før? Om norske fängers sosiale- og skolebakgrunn*. Oslo: Justisdepartementet.
- Friestad, C. & Skog Hansen, I. L. (2004). *Levekår blant innsatte*. Fafo-rapport 429. Oslo: Fafo.
- Fylkesmannen i Hordaland (2005). *Rapport om opplæringa innanfor kriminalomsorga*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland.
- Fylkesmannen i Hordaland (2009). *Rapport om opplæringa innanfor kriminalomsorg 2008*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland.
- Gee, J. (2006). Education in rural county jails: Need versus opportunity. *Journal of Correctional Education*, 57, 312-325.
- Gabrielsen, E. (2000). *Slik leser voksne i Norge. En kartlegging av leseferdigheten i aldersgruppen 16 – 65 år*. Stavanger: Senter for leseforskning.
- Gabrielsen, E. (2005). Hvor godt må vi kunne lese for å fungere i dagens samfunn? *Samfunnsspeilet*, 2, 45-49.
- Innst. S. nr. 196 (2004-2005). Innstilling til Stortinget fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen.

- Jensen, J., Lindgren, M., Meurling, A. W., Ingvar, D. H. & Levander, S. (1999). Dyslexia among Swedish inmates in relation to neuropsychology and personality. *Journal of the International Neuropsychological Society*, 5, 452-461.
- Langelid, T. & Manger, T. (red.) (2005). Læring bak murene. Fengselsundervisningen i Norge. Bergen: Fagbokforlaget.
- McCabe, K., Lansing, A., Garland, A. & Hough, R. (2002). Gender differences in psychopathology, functional impairment, and familial risk factors among adjudicated delinquents. *Journal of the American Academy of Child and adolescent Psychiatry*, 41, 860-867.
- Manger, T., Eikeland, O.-J., Asbjørnsen, A. & Langelid, T. (2006). Educational intentions among prison inmates. *Journal of Criminal Policy and Research*, 12, 35-48.
- Manger, T., Eikeland, O-J., Diseth, Å., Hetland, H. & Asbjørnsen, A. (under trykking). Prison inmates' educational motives: Are they pushed or pulled? *Scandinavian Journal of Educational Research*.
- Moffitt, T., Caspi, A., Harrington, H. & Milne, B. J. (2002). Males on the life-course-persistent and adolescent-limited antisocial pathways: Follow-up at age 26 years. *Development and Psychopathology*, 14, 179-207.
- Moeller, M., Day, S. L. & Rivera, B. D. (2004). How is education perceived on the inside? A preliminary study of adult males in a correctional setting. *Journal of Correctional Education*, 55, 40-59.
- Nordisk Ministerråd (2003). *Å lære bak murene. Utdannelse og kriminalomsorg i et livslangt læringsperspektiv. Nordisk kartlegging av fengselsundervisningen*. København: TemaNord.
- Offord, D., Boyle, M. & Racine, Y. (1991). The epidemiology of antisocial behaviour in childhood and adolescence. In D. J. Pepler & K. H. Rubin (Eds.), *The development and treatment of childhood aggression* (pp. 31-54). Hillsdale, NJ: Lawrence Erlbaum.
- Opplæring i fengsel (1990). *Rekommendasjon nr. R (89) 12*. Vedtatt av Europarådets Ministerkomite den 13. oktober 1989 og forklarende memorandum.
- Patterson, G. R., Capaldi, D. & Bank, L. (1990). An early starter model for predicting delinquency. In D. Pepler & K. H. Rubin (Eds.), *The development and treatment of childhood aggression* (pp. 139-168). Hillsdale, NJ: Lawrence Erlbaum.
- Patterson, G. R., Forgatch, M. S., Yoerger, K. L. & Stoolmiller, M. (1998). Variables that initiate and maintain an early-onset trajectory of offending. *Development and Psychopathology*, 10, 531-547.

- Pettersen, T., Skaalvik, E. M. & Finbak, L. (2003). *Løslatelse til hva? Elevers forberedelser til løslatelsen og tiden etter endt soning*. Rapport nr. 4. Pedagogisk institutt, NTNU, og VOX (Voksenopplæringsinstituttet). Fylkesmannen i Hordaland.
- Ravneberg, B. (2003). *Undervisning og opplæring i det moderne fengslet. Dannende eller disiplinerende?* Rapport nr. 5. Rokkansenteret, Universitetet i Bergen. Fylkesmannen i Hordaland.
- Samuelsson, S., Gustavsson, A., Herkner, B., & Lundberg, I. (2000). Is the frequency of dyslexic problems among prison inmates higher than in a normal population? *Reading and Writing*, 13(3-4), 297-312.
- Samuelsson, S., Herkner, B. & Lundberg, I. (2003). Reading and writing difficulties among prison inmates: A matter of experiential factors rather than dyslexic problems. *Scientific Studies of Reading*, 7, 53-73.
- Samuelsson, S., Lundberg, I. & Herkner, B. (2004). ADHD and reading disability in male adults: Is there a connection? *Journal of Learning Disabilities*, 37(2), 155-168.
- Skarðhamar, T. (2002). *Levekår og livssituasjon blant innsatte i norske fengsler*. Institutt for kriminologi og rettssosiologi, Universitetet i Oslo.
- Skarðhamar, T. & Telle, K. (2009). *Life after prison. The relationship between employment and re-incarceration*. Discussion Papers No. 597. Statistics Norway, Research Department.
- Skaalvik, E. M., Finbak, L. & Pettersen, T. (2003). *Undervisning i fengsel. På rett kjøl?* Rapport nr. 3. Pedagogisk institutt, NTNU, og Vox (Voksenopplæringsinstituttet). Fylkesmannen i Hordaland.
- Snowling, M. J. (2000). *Dyslexia*. Second edition. Malden, Mass.: Blackwell Publishers.
- Statistisk sentralbyrå (2004). *Statistisk årbok 2004*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Statistisk sentralbyrå (2005a). *Utdanningsstatistikk. Befolkingens høyeste utdanningsnivå*, 1. oktober 2004. <http://www.ssb.no/utniv/>
- Statistisk sentralbyrå (2005b). *Utdanningsnivå i befolkningen*. <http://www.ssb.no/utniv/tab-2005-08-26-03.html>
- Statistisk sentralbyrå (2009). *Statistisk årbok 2009*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- St. meld. nr. 30 (2003-2004). *Kultur for læring*. Oslo: Utdannings- og forskningsdepartementet.
- St. meld. nr. 27 (2004-2005). *Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen "Enda en vår"*. Oslo: Utdannings- og forskningsdepartementet.

- Talbott, E. & Thiede, K. (1999). Pathways to antisocial behavior among adolescent girls. *Journal of emotional and behavioural disorder*, 7, 31-39.
- Tvedt, B. (2000) & Johnsen, F. (2000). Matematikkvansker. I B. Gjærum & B. Ellertsen (red.), *Hjerne og atferd. Utviklingsforstyrrelser hos barn og ungdom i et nevrobiologisk perspektiv* 2. utg. Oslo: Gyldendal akademiske.
- UNESCO United Nations and UNESCO Institute for Education (1995). *Basic education in prison*. Maryland State Department of Education.
- Utdanningsdirektoratet (u.d.). "Læreplan i matematikk"
<http://www.udir.no/grep/Lareplan/?laereplanid=212147>, Oslo.
- Vellutino, F., Fletcher, J. M., Snowling, M. J. & Scanlon, D. M. (2004). Specific reading disability (dyslexia): what have we learned in the past four decades? *Journal of Child Psychology and Psychiatry*, 54, 2-40.
- Vold, V. (2007). Age-related development aspects in technological interface design. Dissertation for the degree of philosophiae doctor (ph.d.). Unpublished. University of Bergen.

ISBN 978-82-92828-16-8



Statens hus
Utdanningsavdelinga

Besøksadresse
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Postadresse
Psotboks 7310, 5020 BERGEN

Telefon: 55 57 20 00
Telefaks: 55 57 20 09

Epost
postmottak@fmho.no

Internett
www.fylkesmannen.no/hordaland